

MEHMET SHEHU FOLKEHÆR MOT FASCISME

Oktober

Røynsler frå frigjeringskrigen
i Albania 1939–49

FOLKEHÆR MOT FASCISME

Arbeidarar og underkua i alle land, gå saman!

Mehmet Shehu

FOLKEHÆR MOT FASCISME

Røynsler frå frigjeringskrigen
i Albania 1939—44

**FORLAGET OKTOBER A/S
OSLO**

Mehmet Shehu:
FOLKEHÆR MOT FASCISME

Røynsler frå frigjeringskrigen i Albania 1939–44
Skriven april 1947.

Omsett etter den engelske utgåva på forlaget
Naim Frashëri, Tirana 1963.

Originaltittel:

**On the experience of the national-liberation war and
on the development of the National Army.**

© Copyright Forlaget Oktober A/S 1975

1. opplag, november 1975, 3000.

Trykt hos Aas & Wahls Boktrykkeri, Oslo 1975.

ISBN 82-7094-108-5

INNHALDSLISTE

Føreord frå forlaget	9
Føreord	14
Merknad	21

I. Den nasjonale frigjeringshæren

vert skipa og veks fram	28
1. Fasen med småaksjonar (gerilja)	32
2. Fasen med soldatflokkar	35
3. Fasen med bataljonar og grupper	38
4. Brigadefasen	38
5. Storavdelingane (divisjonar – hærkorps)	39

II. Røynslene med partisankrig

(krig for nasjonal frigjering)	40
1. Eit revolusjonært medvit	52
2. Den faste viljen hjå kadrane og soldatane til å føra krigen til endes, utan å gjera kompromiss, for å nå det endelege målet med å slåst – sigeren	53
3. Prinsippet med hovudslaget	53
4. Pågangsmotet	55
5. Å koma uventa på	57
6. Manøvrering (Å vera rørleg)	59
7. Initiativet (Å ta tiltak sjøve)	62
8. Framhald i operasjonane	64

III. Samanlikning mellom ein partisanhær	
og ein regulær hær	66
1. Ein skilnad i organisasjon	
og samansetjing	66
2. Ein skilnad i våpen	67
3. Ein skilnad i taktikk	68
 IV. Nokre tankar om militæroperasjonar	
i Albania i det store og heile	75
A. Særdrag ved det albanske lendet	76
B. Verknaden særdraga i fjellendet har på	
hærskipnaden, væpninga, taktikken	
og øvingane i hæren	78
1. Korleis omgjevnaden verkar på hær-	
skipnad og utstyr	78
a) Einingane, avdelingane og under-	
avdelingane må ha sjølvstyre	79
b) Einingar, avdelingar og underavde-	
lingar må vera i stand til	
å manøvrera	82
c) Styrketilhøve mellom ulike våpen	83
2. Kva fjellendet får å seia for dei	
taktiske manipulasjonane med	
avdelingane og dei ymse våpna	83
a) Bruken av infanteriet,	
og den rolla det spelar	83
b) Artilleriet	85
c) Flyvåpen	88
d) Marinen	89
e) Tanks	90
f) Ingeniørvåpenet	91

g) Samband	91
h) Hjelpetenester	92
3. Kva fjellendet har å seia for militær- øvinga med troppane, og opplæringa av stabar	96
Avslutning	111



Albanien - socialismens fyrtårn i Europa.

FØREORD FRÅ FORLAGET

Den andre verdskrigen enda med verdsomfemnande siger over fascismen. I dag, tretti år etter, er alle land i verda merkte av striden mellom dei to imperialistiske supermaktene USA og Sovjet om verdsherredøme. Rivaliseringa mellom dei må føra til ein ny verdskrig.

Når krigen bryt laus, vil Noreg vera mellom dei første landa som vert overfalle. Vi må førebu oss på dette alt i dag. Det er viktig å gjera seg kjend med røynslene frå den anti-fascistiske fridomskrigen i eit land som Albania, der striden vart førd til full siger for folket.

Fascistane går til åtak

Dei italienske fascistane gjekk til åtak på Albania 7. april 1939, alt under opptakten til den andre verdskrigen. Seinare kom dei tyske fascistane. Albania var likevel eit av dei fyrste landa som vart frie. 29. november 1944 var alle framande styrkar drevne ut av landet.

Då det italienske åtaket kom, rømde kong Zog og klikken rundt han frå landet. Den albanske hæren vart lamma av dei italienske militærspesialistane og av sine egne pro-fascistiske offiserar. Hæren braut

saman utan å gjera motstand. Trass i dette stridde grupper av patriotar heroisk, med rifler i hendene, mot åtaksmennene. Men fienden var sterkare og slo ned denne motstanden. På få dagar var fascistane over heile landet.

Det albanske folket var uvæpna og sviike av dei herskande klassane, regjeringa og kongen. Men folket var ikkje kua. Ope viste det hat mot dei italienske inntrengjarane og godkjende aldri det framande okkupasjonsstyret.

Ei revolusjonær leiing er eit grunnvilkår for framgangsrik strid

Den grunnleggjande oppgåva var no å reisa folket til strid for å frigjera Albania og vinna att nasjonalt sjølvstende. For å greia denne oppgåva måtte det til ei fast revolusjonær leiing som kunne arbeida ut den politiske plattformen for den anti-fascistiske krigen, mobilisera folket politisk og organisera det for denne striden.

Ei slik leiing vanta. Kommunistgruppene var dei einaste politiske organisasjonane som brydde seg om lagnaden til folket og fedrelandet i desse kritiske dagane. Desse gruppene sto for ein djerv motstand mot okkupasjonsstyret. Men usemje hindra dei i å arbeida ut ei felles line for frigjeringsstriden, i å sameina seg med folkemassane og å verta leiinga deira. Det var heilt naudsynt å sameina desse gruppene og skipa eit kommunistparti. Det var inga lett oppgåve. Men striden mot fascismen sameina kommunistane, og 8. november 1941 vart Albanias Kommunistparti skipa. Skipingsmøtet vedtok:

«...å førebu folket politisk og militært til å setja i gang ein altomfemnande væpna oppreist, der alle dei patriotiske og anti-fascistiske styrkane tar del.»¹⁾

Folkehæren må skipast

Organiseringa av ein væpna oppreist krov at dei væpna styrkane, Den nasjonale frigjeringshæren, vart skipa. Men det var ikkje råd å starta ein væpna oppreist med ein gong, å skipa ein revolusjonær folkehær straks. Utviklinga av den væpna oppreisten og byggjinga av Den nasjonale frigjeringshæren var ein heil prosess i seg sjølv. Det er denne prosessen Mehmet Shehu analyserer og drar slutningar av i denne boka.

«Skipinga av Den nasjonale frigjeringshæren var ein stor politisk og militær siger for partiet,» skriv dei i Soga om Arbeidspartiet i Albania (engelsk utgåve, s. 163). Men dei skriv og: «Denne sigeren vart vunne ikkje berre i heit kamp mot overfallsmenn og svikarar, men og gjennom skarp politisk kamp mot den indre reaksjonen, med 'Balli kombëtar'.»

«Balli kombëtar» – «Den nasjonale fronten» – var ein front borgarskapet og andre reaksjonære i Albania bygde opp, til synes for å yta motstand mot den fascistiske okkupasjonen, men i røynda berre for å sabotera den patriotiske kampen og slå kommunistane ned. Denne delen av soga om frigjeringskrigen i Albania syner svært klårt at arbeidarklassen og folket

¹⁾ Resolusjon frå Møtet til Kommunistgruppene (8.—14. november 1941. Red.)

Hovuddokumenta frå Arbeidspartiet i Albania, b. 1, s. 12.

aldri kan lita på andre enn seg sjølve, sine egne politiske og militære organisasjonar når det står om å verja landet mot fascisme og imperialismen. Ein nasjonal-revolusjonær krig kan berre vinnast i strid mot borgarskapet og deira handlangarar.

Boka er viktig i Noreg i dag

Vi lever i ei førkrigstid. Supermaktene USA og Sovjet tevlar skarpt med einannan. Europa er det viktigaste området for dei båe, og ligg i brennpunktet. Arbeidarklassen kan ikkje stø seg på den eine supermakta mot den andre. Han kan heller ikkje tru seg til hærmakta til herskarklassen i sitt eige land. Ein folkehær under leiing av arbeidarklassen er det einaste våpenet ein nasjon kan ha mot imperialismen. Med dette våpenet har folket ingenting å frykte frå imperialismen.

Ein slik hær finst ikkje i Noreg i dag. Men han fanst heller ikkje i Albania før folket tok til å reisa striden. Folkehæren vert bygd opp i sjølve striden. Om han kan sjå veik ut i byrjinga, er han like fullt umogeleg å slå, dersom han vert bygd opp etter rette grunnsetningar. Det er desse grunnsetningane Mehmet Shehu tar opp i denne boka.

Sigeren i folkekrigen i Albania, liksom i Kina, Korea og Indokina, er samstundes sigeren for marxismen-leninismen. Desse sigrane provar at marxismen-leninismen er ein vitskapleg teori som er gyldig på alle omkverve. Når ein nyttar denne teorien, kan ein løysa alle problem for arbeidarklassen og dei underkua, også dei problem som ein langvarig krig fører med seg.

Folkekrig singlar

Albania, med berre 1 million innbyggjarar, sigra. Under den andre verdskrigen var 700 000 fascistsoldatar på albansk område. Men 29. november 1944 var Albania heilt frigjort. Fascistane var kasta ut, banda til imperialismaktene var brotne, herredømet til godseigarane og borgarskapet var knust. Det albanske folket vann fullt nasjonalt sjølvstende. Under leiing av arbeidarklassen gjorde folket ein sosial revolusjon, skipa ei statsmakt bygt på diktaturet til dei breie folkemassane og la grunnlaget for sosialismen. Slik vart det fascistiske åtaket på Albania gjort om til ein siger for folket.

Forlaget Oktober
Oslo, september 1975
Ø. S.

FØREORD

Skriftet RØYNSLENE FRÅ DEN NASJONALE FRIGJERINGSKRIGEN OG UTVIKLINGA AV NASJONALHÆREN VÅR av kamerat Mehmet Shehu er eit føredrag laga til møtet av leiande hærkadrar som General-staben i hæren skipa til den 18. april 1947. Etter opptak frå Politisk kontor i Folkehæren vert føredraget offentleggjort for fyrste gong.

Føredraget vart laga og halde på ei tid då det rasa ein beisk strid i hæren vår mellom to rakt motsette tendensar. På den eine sida sto den revisjonistiske tendensen hjå dei jugoslaviske «militære rådgjevarane» som gjorde teneste ved hæren vår på den tida, og samarbeidsmennene deira. Dei ville tvinga «den jugoslaviske utviklingsvegen» på hæren vår. På hi sida sto den stemneleia som kamerat Mehmet Shehu og storparten av dei militære kadrane våre stødde så djervt og med slikt hardsett føreset. Denne tilstemna var tufta på den rette lina partiet vårt hadde, og streva for å få vraka den såkalla «jugoslaviske militærkunsten». Dei ville få hæren vår inn på vegen mot modernisering tufta både på dei positive røynslene frå den nasjonale frigjeringskrigen og på røynslene åt den ærerike sovjetiske hæren, på militærkunsten åt Stalin som var og enno er den lengst komne i verda.

Dei jugoslaviske revisjonistane freista få hæren vår

til å vraka dei positive røynslene frå den nasjonale frigjeringskrigen, å vanakta trongen for å meistra den sovjetiske krigskunsten, og til slutt ville dei gjera enda på den eigne hæren vår og smelta han saman med den jugoslaviske hæren. Dette var ein del av opplegget for å ta fridomen og sjølvstendet frå folket vårt og gjera Albania til den sjuande republikken i Jugoslavia.

Men som me alle veit kom dei jugoslaviske revisjonistplanane ut for ein ærelaus vanlagnad. Dei medlemene i sentralkomitéen som hadde sunt vit streid målmedvetne leidde av kamerat Enver Hoxha. Dei verja djervt den rette marxist-leninistiske lina partiet hadde og viste frå seg alle dei fiendslege revisjonistiske læresetningane om korleis me skulle byggja hæren vår. Dei førte hæren frametter frå siger til siger leidde av røynslene frå den nasjonale frigjeringskrigen vår og røynslene åt sovjethæren. Denne rette lina partiet hadde når det galdt hæren kjem klårt fram i læresetningane i dette skriftet.

Kamerat Mehmet Shehu her fram med eit nytt skrift etter «Minne frå livet åt Fyrste stormbrigaden» og boka «Slaget for Tirana» der han tek for seg emne frå den mest ærerike forteljinga i saga åt folket vårt, den nasjonale frigjeringskrigen.

Kamerat Mehmet Shehu var ein røynd hærførar og leiar i partisankrigen vår, og gjorde teneste som Sjef for Generalstaben i ei tid etter frigjeringa. På den kvasse og djerve måten sin gjev han oss røynslene frå den nasjonale frigjeringskrigen åt folket vårt noggrant og i samantrengd form. Framstillinga er tufta på det klassikarane i marxismen-leninismen lærar oss om væpna oppreistar og partisankrig, på fråsegner og di-

rektiv frå partiet vårt og på røynslene frå den nasjonale frigjeringshæren vår og sovjethæren. Her dreg han allmenne lærdomar både i teori og praksis om stridsmåten i hæren vår. Han analyserer vilkåra og tilstandane som avgjorde at hæren vart skipa, korleis han utvikla seg og vart samansveisa, alt i fullt samsvær med lokale vilkår og vanskaner i tida. Han peikar på problem som reiste seg og råder og utvegjar partiet nytta når det løyste dei.

Nær femten år har gått sidan kamerat Mehmet Shehu heldt dette føredraget, men likevel har det stort verdi. Her står det fram i all sin glans: Den djerve striden folket vårt førte, motet deira, særhåttene hjå partisanen vår, den rette fylgjestrengje krystallklåre lina i partiet. Partiet sto under leiing av sentralkomiteen med Enver Hoxha i brodden, og organiserte krigen mot dei framandene inntrengjarane og landssvikarane under dei konkrete vilkåra i eit lite land hærsett av fienden. Partiet skipa folkehæren vår, sameina folket i ein einaste nasjonal frigjeringsfront, leidde det med framgang gjennom krigen for å frigjera landet, og å oppretta folkemakta. I dag leier partiet folket klokt og gjennomtenkt i arbeidet med å byggja det sosialistiske samfunnet.

Sidan den gongen har Folkehæren vorte lyft til eit høgare nivå takk vere den stadige omsøta partiet og regjeringa syner og det utrøyttlege strevet frå kadranene og alt personellet i hæren. Hæren har vorte styrkt og modernisert, han har vorte utstyrt med moderne våpen og moderne teknikk. Hæren vår har i dag alle slags våpen og våpengreiner, sumt han vanta den gongen. Men røynslene me får eit bilete av i dette skriftet er like så verdfulle og aktuelle under tilhøva i dag

når det gjeld å trenar, førebu og sveisa hæren sterkare saman, i samhøve med krava moderne militært handverk og reglane og føresegnene i Folkehæren stiller.

Skriftet er delt i fire delar. I den første delen, «oppbygginga og utviklinga av den nasjonale frigjeringshæren», gjer forfattaren ein djup analyse av stoda slik ho vart då fascistane hørtok oss, og om folkekrigen partiet leidde. Når han tek for seg spørsmålet om den væpna oppreisten og fasane som han gjekk gjennom, peikar han heilt noggrant på særmerka i kvar fase, formene og metodane for å organisera krigen. Han gjev dei vitskaplege grunnane til at striden vaks og førte til fullstendig frigjering for landet og til at folkemakta vart oppretta. I dette skriftet vil lesarane finna ei stor sanning som partiet vårt som marxist-leninistisk parti alltid har levd opp til: «Når folket har vorte politisk førebudd, gjort huga på å stå andlet til andlet med tyngslene og fælskene i krigen, når folket er organisert og mobilisert til krig, vil det stå imot alle desse tyngslene og sigra over fienden.» Dette peikar forfattaren på. Både under krigen og etter frigjeringa har partiet alltid fortalt folket sanninga, same kor beisk ho har vore. Med fast vilje har folket vunne djervt og urredd over alle hindringar som stengde vegen for at dei kunne få oppfylt vonene sine.

Analysen som er gjord i kapitlet «Røynslene med partisankrig (krig for nasjonal frigjering)» peikar på korleis partiet og partileiinga på skapande vis måta til den allmenne sanninga i marxismen-leninismen under dei konkrete vilkåra i landet vårt. Kamerat Mehmet Shehu har gjeve overtydande grunnar for at berre dei-
ra eigen hær kan verna folket, at same kor lite eit land er kan det ta opp striden og gå av med sigeren mot

ein større fiende, berre det vert ført av ei trufast leiding som kjenner oppgåva si. Når forfattaren tek for seg røyslene frå partisankrigen i det store og heile, legg han vekt på visse kjerneprinsipp som leier til siger og høver i alle situasjonar: Eit revolusjonært medvit, ein fast vilje til å føra krigen til slutten, prinsippet med hovudslaget, pågangsmotet, det å koma uventa, å ta eigne tiltak og vedvarande aksjon.

Forfattaren har heilt rett når han legg vekt på at me lærde dei grunnleggjande prinsippa i militærhandverk i den nasjonale frigjeringskrigen. Desse prinsippa er at «ein kan ikkje laga faste reglar eller urikkande oppskrifter i krigføring, at krigen er innfløkt, med faktorar og element som kan utvikla seg og samverka slik at ein vert nøydd å brigda alle oppskrifter og gjera om alle reglar og klåre avgjerder eller faste meininger for å vera på høgde med stoda». Dette er ein svært verdfull lærdom i arbeidet til kvar einaste soldat, no i militær trening, seinare i krig, om det skulle trengjast.

Når han samanliknar partisanhæren med ein regulær hær, analyserer forfattaren skilnadene i hærskipnad og samansetjing, i væpning og taktikk. Han analyserer rolla og plassen partisanhæren og den regulære hæren fyller i krigen. Han syner at det er råd å gjera partisanhæren om til ein regulær hær, og at det er turvande, eit grunnvilkår for å sigra over fienden. I vårt tilfelle vart dette gjennomført med stor framgang.

Forfattaren stør dei taktiske prinsippa partisaneiningane våre sto for særleg under tilhøva i landet vårt, og desse held på krafta si for all tid. Det dreiar seg om å gå til uventa åtak, å handla snøgt, å ha pågangsmot, å ha tiltaksevne, å utnytta lendet ved å

tinga fienden inn i vanskelege omgjevnader, og ei mengd andre subjektive og objektive element. Desse prinsippa, saman med andre krav krigføringa stiller i dag, vil gjera hæren vår endå meir stridsdugande.

I det siste kapitlet «Nokre tankar om militære operasjonar i Albania i det store og heile» snakkar kamerat Mehmet Shehu om særdraga ved landet vårt. Han legg vekt på at «fjella våre i lange tider alltid har vore stridsfelagar for folket vårt», og talar om kva det særmerkte ved fjellandet får å seia for skipnaden, væpninga, taktikken og opplæringa i hæren vår. Han nemner den rolla og det romet dei ulike våpna og våpengreinene har i partisankrigen og i moderne krigføring, og ei mengd andre spørsmål i trening og opplæring. «Men,» strekar han under, «enten ein slæst på slettene eller i fjella – under alle tilhøve, i alle omgjevnader og til kvar tid; det menneskelege innslaget er avgjerande for endskapen krigen skal få, utan omsyn til våpenutviklinga». Dette er eit grunnleggjande prinsipp i heile vår militære oppbygging, og det fastset nøye ei heil rad åtgjerder og oppgåver. Dette gjer det klårt for oss at arbeidet med mennesket er ei fast plikt for førarane i dei politiske organa og partiorganisasjonane, og for ungdomen i hæren. Dei må utdana mennesket og måta det til, ala fram eit sosialistisk medvit til å tena folket, partiet og fedrelandet trufast og øva det i proletarisk internasjonalisme.

Spørsmåla forfattaren reiser i skriftet har mykje å seia for hæren vår, særleg for offiserane og generalane, og for dei unge offiserane som ikkje har gjennomlevd denne tidbolken. Problemstillingane vil hjelpa dei til å gjera seg betre kjende med dei rike røynslene frå den nasjonale frigjeringskrigen, til å utvida det politis-

ke og militære synsfeltet og sameina og modernisera hæren vår. Tvillaust vil kvar einskild når han les skriftet gjera seg opp si eiga meining om kva praktiske steg som skal til for å setja dei ut i livet i samsvar med tilhøva i dag og oppgåvene partiet har gjeve hæren.

Skriftet av kamerat Mehmet Shehu er eit fint lærestykke og ei framhjelp for alle kadrar i hæren til å studera dei rike røynslene frå krigen og åra etter frigjeringa med større trott. I tida som kjem må dei dra allmenn lærdom av dette både i den militære og politiske utdanninga, og i den tekniske og faglege. Dei må fremja militærkunna tufta på dei udøyande lærdomane i marxismen-leninismen og retningslinene frå partiet. Dette vil vera endå eit tilskot til den store oppgåva å styrkja vernemakta om vårt sosialistiske fedreland.

POLITISK KONTOR
I FOLKEHÆREN

MERKNAD

Dette materialet vert utgjeve for fyrste gong etter opptak frå og under tilsyn av Politisk kontor i Folkehæren. Den opphavlege tittelen på teksten var «Tesar om røynslene frå den nasjonale frigjeringskrigen, og utviklinga av Nasjonalhæren vår». Teksten vart lagd fram som eit føredrag av forfattaren sjølv fyrste gongen på eit møte med dei leiande kadrane i hæren, skipa til av Generalstaben i hæren den 18. april 1947 i Tirana. Då dette føredraget vart laga og halde i 1947 var stoda i hæren vår merkt av ein beisk krig mellom to rakt motsette stemneleier. Ingen hadde lyst krig, men på den eine sida sto den revisjonistiske tilstemna dei jugoslaviske «militære rådgjevarane» sto for medan dei gjorde teneste i hæren vår på den tida. Med seg hadde dei samarbeidsmenn, og dei ville tvinga «den jugoslaviske utviklingsmåten» på hæren vår, tufta på «dei jugoslaviske røynslene» og reinska for alle prinsipp og praksis frå moderne militærkunst, frå sovjetisk militærkunst. Den andre stemneleia sto stridt imot den fyrste, og var tufta på den rette lina partiet hadde: Å visa frå seg den såkalla «jugoslaviske militærkunsten» og få hæren vår inn på vegen mot modernisering. Dette skulle skje ved å utnytta dei nedærvde positive røynslene frå den nasjonale frigjeringskrigen, så vel som røynslene frå den ærerike sovjethæren.

Denne bygde på stalinistisk militærkunst, han var den lengst komme i verda og er det enno. Den jugoslaviske revisjonist-leiinga gjorde kva den kunne gjennom dei jugoslaviske «militærekspertane» som tente i hæren vår den gongen og agentane deira her i landet leidde av svikaren Koçi Xoxe. Dei ville me skulle godta den jugoslaviske læresetningen om heilt å oversjå dei sær verdfulle røynslene frå den nasjonale frigjeringskrigen, å ikkje sjå at hæren vår trong meistra den sovjetiske militærkunsten, og leia hæren vår heilt og fullt i den «jugoslaviske utviklingsleia» med det endelige målet å røra folkehæren vår saman med den jugoslaviske hæren og røva fridomen frå folket vårt.

Dei medlemene i sentralkomitéen som hadde meir sunt vit, med kamerat Enver Hoxha i brodden, hadde ikkje berre vorte fullt vise med dei fiendslege gjerningane, måla og metodene åt dei jugoslaviske revisjonistane og agentane deira, men sto fast imot dei. Dei verja den rette lina åt partiet og viste frå seg alle dei revisjonistiske tesane om hærutvikling. Dei leidde hæren frametter på den einaste rette vegen, den vegen som røynslene i sovjethæren og arven med røynslar frå den nasjonale frigjeringskrigen vår hadde synt.

Arbeidet den jugoslaviske leiinga gjorde for å kua hæren vår femna mykje om seg i byrjinga av 1947. I januar det året skipa den jugoslaviske Generalstaben til eit stort møte i Beograd der alle dei leiande kadrane i den jugoslaviske hæren var med. Utsendingar frå Folkehæren vår, stabssjefen og sjefen for Politisk kontor i hæren, var òg til stades på møtet som gjester. Det var to viktige føredrag på Beograd-møtet, eitt av Generalstaben og eitt av Politisk kontor i den jugoslaviske hæren. Emnet i begge føredraga var

spørsmålet om å modernisera den jugoslaviske hæren. Begge føredraga var frå fyrst til sist ingen ting anna enn ei smørje av djupt revisjonistiske og trotskistiske tesar av nasjonalistisk, sjåvinistisk, reaksjonært og antisovjetisk slag. Dei tala for å gje avkall på dei historiske røynslene frå den ærerike sovjethæren, og såg bort frå den frigjerande rolla sovjethæren hadde spela for Jugoslavia. Dei lovpriste dei såkalla «jugoslaviske røynslene» og den «jugoslaviske militærkunsten», og tilla desse eit universelt verde. Møtet avslutta med ein drusteleg bankett der alle dei jugoslaviske leiarane var til stades med Tito i brodden. Han let vel over førehavingane i dette møtet.

Føredraget «Tesar om røynslene frå den nasjonale frigjeringskrigen, og utviklinga av Nasjonalhæren vår» frå 18. april 1947 var ei fullstendig attendevising av revisjonisttesane frå Beograd-møtet som den jugoslaviske Generalstaben skipa til. Det er i denne samanhengen hovudkonklusjonane i desse tesane endar med: *«Røynslene frå sovjethæren og arven og utviklinga av dei positive røynslene frå den nasjonale frigjeringskrigen vår – dette er vegen for hæren vår både når det gjeld oppbygging og militær øving.»*

Femten år har gått sidan den gongen. Utviklinga av hæren vår bør byggja på røynslene frå sovjethæren og på arven av positive røynsler frå utviklinga av den nasjonale frigjeringskrigen. Dette synet er gyldig i dag, det er gyldig i tida som kjem og for alltid. Men kva meiner me med sovjetisk militærkunst, med røynslene frå sovjethæren? For oss og for alle marxistar er røynslene frå sovjethæren eller den sovjetiske militærkunsten dei ærerike røynslene den heltemotige sovjethæren har sankt og samla opp gjennom heile det re-

volusjonære livet sitt, under leiing av Lenin og Stalin. Desse røynslene er av eit slag som gjeld over alt, og dei er reinska for alt revisjonistisk og dogmatisk innhald.

Det var ei stor ulukke for sovjethæren, for Sovjetunionen, for det sosialistiske lægeret, for den internasjonale arbeidarrørsla og den kommunistiske rørsla at leiarskapen i Sovjetunionen kom i hendene på ei gruppe revisjonistar og renegatar etter at J. V. Stalin døydde. I brodden sto Nikita Krustsjov, og det einaste målet var å skipla alt som var marxistisk og setja alt som var revisjonistisk og trotskistisk i staden. Den noverande leiinga i Sovjetunionen freistar skipla militærkunsten åt Stalin og dei allmenne røynslene or Sovjetunionen og setja revisjonistisk, trotskistisk og borgarleg militærkunst i staden. Dei noverande sovjetiske leiarane med Krustsjov i brodden preikar «filosofien» med å setja *våpen* (teknikk) i staden for *menneske*, med å nekta for at mennesket spelar den *avgjerande* rolla i krig. Dei preikar nett slik som dei jugoslaviske revisjonistleiarane og andre leigesveinar imperialismen har. Revisjonistane preikar høgt i dag om at «oppfinningar som atombomber, hydrogenbomber og rakettar har gjeve krigen eit anna innhald, fordi i ein atomkrig kan det ikkje finnast vinnarar eller taparar og heile menneskeætta vil omkoma!» (Det vil seia at det ikkje finst rettvis og urettvis krigar lenger, *men all krig er urettvis*.) Difor, vil revisjonistane ha det til, treng me «*fred same kva det kostar*». Det vil seia at dei sosialistiske landa skal *gå med på kva som helst* frå imperialismen, endå til ved ope å gje etter for freistnadene på militære åtak berre fordi me skal vinna «*fred same kva det kostar*».

Dette er mergen i revisjonistpolitikken, i «militærlæra» åt Krustsjov. Dette er ikkje noka militær lære men svik mot Sovjetunionen, mot freden og mot kommunismen. Me går imot denne «læra» som preikar at mennesket ikkje har noka oppgåve i krigen medan våpen og teknikk er allmektige og kjem i staden for og tek bort det mennesket skal gjera.

Leninistisk og stalinistisk militærkunst, militærkunsten frå dei sanne allgilde røynslene sovjethæren har, lærer oss at våpen får meir og meir å seia som ei fylgje av utviklinga i industri og teknikk. Men dei kan *aldri* koma i staden for mennesket, for dei er *passive* hjelperåder medan mennesket er det levande, det *aktive*, det medvitne. Mennesket er den *fremste* rørlege hjelperåda i krigen, det som *avgjer* utgangen på striden under *alle* tilhøve, *om stridsteknikken er aldri så langt komen*. Me er og vil alltid vera på parti med denne røynsla frå sovjethæren, og halda oss til denne militærkunsten. Me er overtydde om at freistnadene revisjonistane gjer på å skipla den sovjetiske militærkunsten, å rota til dei allgilde røynslene frå sovjethæren og setja revisjonistkunst i staden, vil mislukkast. For når alt kjem til alt er gravferda for imperialismen ei objektiv lov i utviklinga av menneskeætta, og ikkje avhengig av kva imperialistane og revisjonistane gjer. Revisjonismen er ikkje anna enn avkomet åt imperialismen, og vil gå i grava med han.

Frå 1947, då dette føredraget vart laga, til i dag har Folkehæren gjort stor framgang mot modernisering, styrt av dei allgilde røynslene frå sovjethæren og røynslene i den nasjonale frigjeringskrigen. Dei militære og politiske kadrane i hæren tek vare på og spreier dei positive røynslene frå den nasjonale fri-

gjeringskrigen på fullgod og dugande vis, for dei har vore aktivt med i krigen og leidd han. Hundrevis og tusenvis av dei har teke eksamen ved politiske og militære skular i Sovjetunionen, og er like eins kunnige i røynslene frå sovjethæren, som gjeld alle stader. I dag står ingen ting i vegen for at hæren vår skal gå snøgt frametter mot modernisering. Han vil heretter som hittil stå på «begge føtene», det vil seia både dei positive røynslene frå den nasjonale frigjeringskrigen og dei allgilde røynslene frå sovjethæren. Folkehæren har vorte ei stor, effektiv og litande kraft i hendene på partiet og folkeregjeringa. Han er ei sterk og mektig kraft til å verja det sosialistiske fedrelandet av all makt mot alle åtak frå framande fiendar.

Tirana, januar 1962.

M. SH.

Nasjonalhæren vår¹⁾ vaks fram or den nasjonale frigjeringskrigen, ut av krigen det albanske folket førte for å berga landet frå framande åtaksmenn og heimlege svikarar.

Nasjonalhæren er ikkje no lenger i den fasen han var under den nasjonale frigjeringskrigen. Gjennom fleire års røynsler har han gjort merkande framgang i utviklinga. Det er plikta vår å gjera eit studium av dei verdfulle røynslene i den nasjonale frigjeringskrigen, å sjå kva me har arva frå desse røynslene, og på kva vis hæren vår burde utvikla seg i dag.

Det ville vera uråd å gje alle læresetningane frå desse røynslene ei endeleg form på eit møte av dei mest ansvarlege offiserane i Nasjonalhæren, som har gått gjennom den nasjonale frigjeringskrigen. Læresetningane kan berre få endeleg form gjennom sams strev der me alle burde vera med. Difor vil me i dag leggja fram for dykk ein førebels analyse av røynslene frå den nasjonale frigjeringskrigen. Meininga er å ta dei synspunkta og slutningane som kjem fram opp til diskusjon, og me er alle oppmoda til å granska innhaldet i analysen djupare i dagane frametter. Me skal ordskiftast, slik at me kan nå gode resultat som kan hjelpe hæren vår til å arbeida seg framover.

¹⁾ Tidleg etter frigjeringa vart hæren vår kalla Nasjonalhæren, medan han seinare tok namnet Folkehæren som han held på den dag i dag.

I. – DEN NASJONALE FRIGJERINGSHÆREN VERT SKIPA OG VEKS FRAM

Då den italienske fascismen kom til Albania, byrja eit nytt steg i saga åt det albanske folket. Det var eit utviklingssteg med svolt og naud, med hard trælking. Italienarane slo seg ned på jorda vår som om det var deira eigen provins. Dei reiv til seg markene våre, dei nasjonale rikdomskjeldane våre, alt som var heilagd for folket vårt. Dei gjorde om landet vårt til ein uhorveleg lægerstad og fekk hit store styrkar. Dei gjorde Albania til eit våpensenter, eit springbrett for hærane deira når dei skulle marsjera mot dei andre folka på Balkan. Alle dei indre fiendane folket hadde, alle som hadde vore i teneste hjå tyrkarane og hjå Zog, vart blinde reiskapar, trufaste mot fascismen.

Når stoda var slik hadde folket vårt valet mellom to ting: *Enten kunne dei reisa seg mot fascismen og verja nasjonalt sjølvstende og fridom på ulike vilkår, eller dei kunne finna seg i underkasting, fattigdom, hungersnaud, skam, trældom og å verta rydja ut som nasjon og som folk.* Situasjonen denne gongen likna ikkje den før 1912, eller 1920, eller 1924. Den nasjonale frigjeringskrigen folket vårt var mana til å føra denne gongen, *skulle gjera landet fritt frå det framande åket og på same tid få bort den heimlege reaksjonen og skipa ei demokratisk folkeregjering.*

Mistaka i fortida skulle ikkje ta seg oppatt. For å

nå måla sine måtte det albanske folket vera organisert, mobilisert og leidd av eit revolusjonært politisk parti. Men kven kunne aksla dette ansvaret? Kven ville mobilisera, organisera og leia folket i krigen for nasjonal frigjering? Ingen andre enn *Kommunistpartiet*. Og Det albanske kommunistpartiet vart grunnlagt den 8. november 1941.

Ikkje før hadde Kommunistpartiet kome i stand så gjekk det i gang med å utføra det revolusjonære arbeidet. Ei vanskeleg oppgåve venta. Røynslene frå det tidlegare strevet og stridane åt det albanske folket kunne syna at ikkje noko hardtak kunne gjera seg til noko utan ein rett revolusjonær politikk. Kommunistpartiet skulle mobilisera dei breie folkemassane, øva dei for nasjonal frigjering og for folkerevolusjonen, å organisera dei og senda dei i open krig mot dei fascistiske inntrengjarane og landssvikarane. *Det fanst inga anna bergingsvon enn ein væpna oppreist der heile folket var med*. Og Kommunistpartiet gjorde ingen ting mindre enn dét. Straks etter det var skipa byrja det å reisa massane gjennom småskrifter, samlingar og organiserte konferansar. Slik summerer sentralkomitéen i Det albanske kommunistpartiet opp stoda i eit av småskriftene frå 1941:

«Dei italienske fascistane har trengt seg inn i landet vårt og plyndra oss i meir enn to år. Med hjelp frå nokre få albanarar, landssvikarar som er reiskapar for dei, har dei røva frå oss den nasjonale fridomen, har frista ta nasjonaliteten ifrå oss, øydeleggja ungdomen vår og gjera skulane våre italienske. I over to år har fienden nytta landet vårt som ein base for å gå vidare gjennom heile Balkan, og har gjort

denne staden til ei slagmark mot den nasjonale fri-
domen til brorfolka grekarane og jugoslavane. Han
har bomba landsbyar og byar, herja heimane til
småbønder og byfolk og lagt eignedomen deira øyde.
Han har skrive oss inn som polititroppar for å kua
dei nasjonale frigjeringsrørslene hjå grannefolka...
Dei italienska fascistane har forgripe seg på marke-
ne våre.... dei sår usemje gjennom religionen...
dei har plyndra folket og røva kornet og buskapen
frå dei.

Når me står andlet til andlet med ei slik stode
ser me oss ikkje høve til å gå gjerandslause. Difor
ber me alle ærlege albanarar som verkeleg er glade
i Albania, å stilla alt vårt strev i teneste for krigen
for nasjonal frigjering. BEISK STRID ER DET
EINASTE STANDPUNKTET EIN KAN TA
MOT INNTRENGJAREN. Kvar einaste ætling av
dette landet burde verta ei slåstkjempe i den na-
sjonale frigjeringskrigen for å sigra over fienden.
Striden vår bør vera organisert og drivande. Me
oppmodar alle albanarar til å gripa våpen og slå
seg saman med soldatflokkane. Krigen dei fører vil
vera det sannaste uttrykket for folkeviljen til å
kvitta seg med den fascistiske trældomen og leva
i fridom...²⁾)

Dette er stoda i Albania i 1941. Dette syner klårt
lina partiet hadde i samband med krigen for nasjonal
frigjering for folket. Partiet heldt fast på standpunktet
«HARD STRID» mot fienden *til slutten*. Dette slag-
ordet var krigsrope for den væpna oppreisten folket
gjorde. Oppreisten skulle gjennomførast utan noko

²⁾ Utdrag or dokumenta i partiarkivet.

kompromiss. Partiet tok omsyn til alle fylgjene av ei væpna folkereising, og såg føreåt korleis den nasjonale frigjeringskrigen ville gå og korleis han skulle organiserast på laglegaste vis, vegen til siger. Partiet fylgde trufast den marxistiske teorien om væpna oppreistar, som seier:

«Ein må ikkje spela seg med oppreistar om ein ikkje er fullrådd på å ta alle fylgjene: Ein oppreist er ei likning med svært uklære høvestal, og verdet dei har kan skifta frå dag til dag. Til rådvelde for seg har fiendestyrkane alle høva til organisering, disiplin og tradisjonell tru på dei store. Dersom du ikkje møter fiendestyrkar med styrkar som er mykje betre, er du dømd til å mislukkast. På den andre sida må ein handla verkeleg viljefast så snart oppreisten er i gang, ein må ta offensiven . . .³⁾

Partiet vårt organiserte den nasjonale frigjeringsfronten og den væpna folkereisinga. Oppreisten vår, den nasjonale frigjeringskrigen, gjekk gjennom ymse fasar som me kunne avgrensa slik, til dømes:

1. – Fasen med småaksjonar (geriljakrig).
2. – Fasen med soldatflokkar.
3. – Fasen med betaljonar og grupper.
4. – Brigadefasen.
5. – Fasen med storeiningar (divisjonar – hærkorps).

Gjennom desse fasane vart Nasjonalhæren vår forma. Lat oss gje eit stutt omrit av desse fasane.

³⁾ — K. Marx: Utvalde verk, b. II, s. 119—121, italiensk utgåve, Moskva 1944.

1. – Fasen med småaksjonar (gerilja)

I byrjinga var streikar, demonstrasjonar og sams protester *dei mest laglege formene* for strid mot fienden. Mot slutten av 1941 svara ikkje desse formene til den konkrete naudstilstanden som rådde: Dei italienske fascistane og quisling-politiet underkua demonstrasjonane med våpen. Då fascistane opna eld på dei demonstrerande folkemengdene, vart det klårt at demonstrasjonar ikkje kunne reknast som det mest effektive viset å ta opp striden med fienden. Rørsla vår hadde kome over grensene for denne stridsforma, og det var tid å gå over til ei høgare form, *til den væpna striden med fienden*. Partiet, som organiserte og leidde denne striden, gav klare retningslinjer for dei nye stridsformene. Kva skulle den nye stridsmåten vera? Kunne det vera ei brå allmenn folkereising? Noko slikt ville vera uråd når ein vanta politisk førebuing og fullgod militær organisasjon. Difor gav partiet retningslinjer for å skipa småe *geriljaeiningar* som skulle slå til mot spionar og svikarar, gjennomføra mindre aksjonar for å sprengja lager, telefonliner og liknande for fienden. Desse aksjonane tok til å verta gjennomførte over heile Alania. Dei vart gjennomførte av småe geriljaeiningar partiorganisasjonane fekk i stand. Partiet ansa særskilt på å få i stand desse einingane og å gje dei opplæring i teknisk og militært handverk. Geriljaen gjennomførte stadige attentat på spionar og svikarar, og sabotasjehandlingar. Dei sprengde lager, gjekk til åtak på einslege fiendepatruljar, på bankar, fascistiske offiserar og så bortetter.

Kva var skilnaden mellom terroren (attentata) som *narodnikane* i Russland organiserte før 1900 og dei

formene for skræming me organiserte under den nasjonale frigjeringskrigen? Det ville vera gale å rekna våre tiltak like med den individuelle terroren narodnikane gjennomførte. Narodnikterroren var ikkje tufta på ein allmenn plan for ein fullstendig revolusjonær oppreist, men var i innhaldet einslege einskildtiltak utan perspektiv. Narodnikaene meinte å gjennomføra revolusjonen gjennom individuell terror, ved «heltar» massane eller «den uvitande hopen» skulle fylgja etter. Hjø narodnikane var skræmsletiltaka ikkje ei form for krigføring som skulle førebu den væpna massereisinga, men dei var den einaste måten å føra krig på. Valdsverka våre var av eit anna slag. Dei var ein av framgangsmåtane i striden og tente berre som eit fyrste steg mot høgare former for krigføring. Dei var organiserte, planlagde, og hadde eit mål. Me greip til dei i den rette tida, og dei var viktige for ein fyrste førebuande fase i krigen. Valdsverka våre var ikkje einslege aksjonar, dei vart fylgde av masse-mobilisering til å vera med på demonstrasjonar, med massekrav om open krig mot fienden. Det var ikkje personleg hemn, men militære tiltak. Såleis kjem Lenin inn på dette emnet: «Terrorismen⁴⁾ har ikkje samband med psykologien hjå massane i det heile. Han lærde ikkje opp leirarar for massekrigen. Skræmsletiltak var resultatet (på dette viset eit symptom, eit særkjenne) av mistru til revolusjonen, av at vilkåra som trengst for revolusjonen ikkje var til stades... Partisanaksjonar ved stridslag øver opp leiarane beinveges for massekrigen. Dei er ikkje resultat av mistru til revolusjonen eller til at han kan gjerast,

⁴⁾ – Han talar om terroren folkevenene dreiv.

men derimot er dei ei alen av same stykket som revolusjonen og grunnleggjande for han...»⁵⁾)

Denne forma for partisankrig var grunnleggjande hjå oss og me kunne ikkje koma unna ho, på same viset som det var i alle revolusjonære oppreistar hjå andre folk, endå til slik det var i Russland før og under den store Oktober-revolusjonen. *Småe og oppattekte aksjonar er sjølv tufta i partisantaktikken.* Dei plagar og skadar fienden og gjer stoda uviss for han. På den andre sida er dei med og lyfter sjølv-tillita hjå massane og mobiliserar dei sterkare til oppreist.

På landsbygda vart det skipa geriljaeiningar samstundes med dei i byane, men i røynda fungerte geriljagruppene i bygdene som propagandistar meir enn som aktive stridsgrupper mot fienden. Dette var rimeleg, for det var deira oppgåve å vekke folket på landet, lyfta dei politisk og organisera folkeadministrasjonen og partisaneiningane. Slik måtte det vera når partiet ikkje hadde kadrar nok til å agitera politisk i bygdene, og når fiendemåla i hovudsak var samla i byane. Dette er eit klårt merke på at stridseiningane våre var av *politisk slag*. Seinare skal me sjå at alle dei militære stridsavdelingane våre må vera av politisk slag, og at dette er noko grunnleggjande stridsavdelingane i revolusjonære oppreistar ikkje kan koma unna.

Geriljaeiningane var dei verkelege pionerane i den nasjonale frigjeringshæren. Dei var samansette av friviljuge, kommunistar, sympatisørar og folk utanfor partiet, og alle var væpna. Der desse einingane har

⁵⁾ – Lenin, Samla verk, b. IX, s. 26–27, russisk utgåve.

vore mest aktive har massane vorte nærare knytte til partiet og til fronten. Der geriljagruppene våre var best budde har det vore lettere å koma så langt at me fekk skipa hæren.

2. – Fasen med soldatflokkar.

Ein kan ikkje draga ei klår line mellom geriljafasen og fasen med soldatflokkar for desse to slags militærorganisasjon lappar over einannan. Kring 1942 hadde aksjonane frå geriljaeiningane tvinga fienden til agelause skræmslegjeringar mot folket, ei rådgjerd for å slå ned krigen deira. Tusenvis av albanarar vart fengsla eller deporterte til Italia. Mange av dei vart hengde eller myrda av fascistane. Tyngsla av hærtakinga kvilte tyngre på akslene åt folket. Fienden sette i gang storstila militære operasjonar mot område der geriljagruupper var verksame. Organisasjonsforma gerilja kunne ikkje lenger stetta krava i tida; kunne ikkje måla seg med det som gjekk for seg i storstila militære operasjonar. Agitasjonsarbeid burde skiljast frå militær verksemd. Geriljaeiningar måtte gjerast om til større avdelingar, det vart trong for soldatflokkar.

I samband med dette sende sentralkomitéen i Det albanske kommunistpartiet ut retningslinjer for å skipa flokkar av partisansoldatar. Flokkane var sette i hop av 50–60 personar. Dei skulle stå under kommando av sjefen sin (som ikkje trong vera partimedlem) og den politiske kommisæren. Dette er opphavet til dei politiske kommisærane i avdelingane i hæren.

Soldatflokkane som kom i stand sette ny fart i den nasjonale frigjeringskrigen. Ikkje før var dei oppbygde

før dei tok til å gå laus på fiendegarnisonane og sambandslinene hans. Desse flokkane var *rørlege* militæravdelingar som avgrensa arbeidsområdet sitt til eit særskilt landområde. I mange høve var soldatflokkane aktive i utkantane medan geriljagruppene heldt seg til byane. I lang tid var geriljagrupeer den einaste forma for organisert strid i byane. Me organiserte òg soldatflokkar som heldt seg i landsbyane fast, men når alarmen gjekk greip dei våpna og gjekk for å berga dei rørlege flokkane, eller dei streid heile striden på eiga hand når det trongst (særleg i Vlora, Mallakastira, Kurvelesh). I visse landområde var såleis *heile folket* aktivt med i krigen med våpen. Når soldatflokkar vart skapte, skifta fienden taktikk. Han nytta store styrkar og forfylgde folket hardare med å drepa, fengsla og deportera andfares. Fienden la mange landsbyar og bygdelag i oske med operasjonane sine. Men der soldatflokkane var meir krigerske, der stridane rasa verst, der me fortalde folket sanninga om kor beisk og nådelaus krigen er, der vart folket knytt nærare til oss. Lenin lærer oss dette om væpna oppreist:

«Dersom de held sanninga om den beiske og blodige striden som må til attende for folket, som noko dei må rekna med, då narrar de dykk sjølve og folket.»⁶⁾

I kringkastingstalen 3. juli 1941, der kamerat Stalin ba folket gå til ein hard krig mot dei fascistiske åtaksmennene, sa han òg:

⁶⁾ Lenin, Samla verk, s. 48–53, russisk utgåve.

«Folket vårt, sovjetfolket, må framfor alt skjøna kor alvorleg fåren er som trugar landet vårt. Det må ein gong for alle gjera slutt på gjævlynnet, gjera ende på den innstillinga som høyrde saman med perioden for fredeleg atterreising, slikt som var rimeleg i førkrigstida, men skadeleg no når krigen har brigda tilhøva radikalt. Fienden er vill og nådelaus... Sovjetfolket lyt skjøna dette og bu seg vel. Dei lyt organisera alt sitt arbeid på ein ny måte, med det for auga å føra nådelaus krig mot fienden.»⁷⁾

Vår eiga røynsle har stadfesta dette. Når folket ikkje hadde fått vita om kor fæl krigen er, har dei vingla i den mest kritiske stunda. Men når folket har vorte opplyst politisk og førebudd på å møte tyngsle- ne og skremslene i krigen, har dei trassa alle situasjo- nar og kome frå det med siger over fienden.

Soldatflokkane gjorde mykje skade for fienden. Men etter ei tid kunne heller ikkje denne organisasjonsfor- ma stetta krava i krigen:

- a) aksjonane var ikkje skikkeleg samordna, det skor- ta på samband og samordna tiltak mellom sol- datflokkane.
- b) soldatflokkane var småe avdelingar og dei kunne ikkje måla seg med fiendeoperasjonar i stor skala med vanlege hæravdelingar.

Dette førte til at partisanhæren måtte utvidast, me laut skipa bataljonar, grupper og stabar til å leia dei.

⁷⁾ – Stalin, Om den store sovjetiske fedrelandskrigen, s. 13, russisk utgåve, Moskva 1946.

3. – Fasen med bataljonar og grupper.

Bataljonar tok til å koma i stand i 1943. Ein del soldatflokkar vart sette under sams kommando og skipa seg som bataljonar. Men bataljonfasen vara ikkje lenge. Når dei var skipa, vart det straks trong for å få i stand grupper av fleire bataljonar knytte til distrikts- eller områdestabane. I 1943 vaks krigen vår sterkt. Partiorganisasjonane kunne ikkje driva på og organisera den militære verksemda i kvar bataljon eller gruppe. Det vart trong for å skipa ein generalstab til å samordna og styra verksemda åt alle partisanavdelingane. Generalstaben vart skipa 30. juli 1943. Hæren var i snøggare utvikling.

4. – Brigadefasen

Då Generalstaben var skipa, tok hæren vår til å likna ein hær med vanlege partisanstyrkar. Den 15. august 1943 vart Fyrste stormbrigade skipa, og andre brigadar kom etter. Endå om brigadane vart skipa, kom ikkje bataljonane og gruppene bort med ein gong. Gruppene var tillaga som militæravdelingar i særskilte område. Dei var ikkje beinveges avhengige av Generalstaben, men av staben i vedkomande distrikt eller region. Brigadane derimot sto beinveges under Generalstaben og arbeidsfeltet deira strekte seg over heile landet etter som Generalstaben kunne trengja om. Ein kan seia dei var reservane Generalstaben kunne flytta frå stad til stad slik det krovst. Verksemda frå bataljonane våre tvinga fienden til å senda store styrkar, heile divisjonar, mot oss. Fiendeoperasjonane vinteren 1943–44 og i juni 1944 sette den nasjonale frigjeringshæren på ein stor prøve. Men

bataljonane våre kom uskadde frå det og gav fienden store tap attåt. Fienden var ikkje i stand til å nå målet sitt: Å rydja ut partisanstyrkane.

På Permeti-kongressen i mai 1944 vart det gjort eit anna viktig steg i hærordninga vår. Rangordninga i hæren vart sett opp og generaloberst Enver Hoxha vart utnemnt til øvstkommanderande. Vidare vart det avgjort på denne kongressen å reisa heile folket til væpna strid mot inntrengjarane og svikarane, og å skipa hæren i store avdelingar.

5. – Storavdelingane (divisjonar – hærkorps).

På Permeti-kongressen vart det avgjort å laga i stand divisjonar. Den fyrste stormdivisjonen vart skipa og fekk ordre om å frigjera midtre og nordre luten av Albania. Divisjonane var operative einingar. Dei sette oss i stand til å setja i verk storoffensiven vår for å frigjera Albania heilt, og til å koma frå det med siger. Røynslene synte at desse organisasjonsformene ikkje berre var føremålstenlege, men at hæren ikkje kunne vera utan dei. Korkje nordre og midtre Albania eller byane Tirana og Shkodra kunne ha vorte frigjorde med mindre avdelingar. Når me skulle styra divisjonar måtte me meistra det militære handverket. Kadrane våre hadde ikkje gått i lære i militære skular, men dei lærde denne kunsten i sjølve krigen. Når dei måtte slåst hadde dei nytte av dei allmenne røynslene frå krigen, og dei vart i stand til å styra operasjonar i stor målestokk med store einingar, slik som divisjonar og hærkorps. I fasen med divisjonar og hærkorps slutta bataljonar og sjølvstyrte grupper å verka i og for seg, og hæren fekk ei meir regulær organisasjonsform.

II. – RØYNSLENE MED PARTISANKRIG (KRIG FOR NASJONAL FRIGJERING)

Røynslene med partisankrig er dyrverdige for oss og for partiet. Dette var fyrste gongen i saga at folket vårt kunne organisera ein slik stor og heltemotig krig. Me lyt gjera ein god analyse av røynslene frå den nasjonale frigjeringskrigen, og draga nytte av dei når me moderniserer Nasjonalhæren. Kva har me lært av den nasjonale frigjeringskrigen? Kva lærdomar kan me draga ut or røynslene i denne krigen?

1. – Røynslene frå krigen folket vårt førte frå april 1939 då fascisttroppar gjekk i land i Albania, synte at ein hær slik den Zog hadde ikkje kunne verja landet mot framande åtak. Zog-hæren var ein reaksjonær hær som tente jordeigarar og rike godseigarar. Kadrane der hadde vorte trenar i fascistisk ande. Dei var ikkje medvitne stridsmenn i vernet om fedrelandet. Zog-hæren kunne ikkje slåst mot dei italienske inn-trengjarane, for han var kommandert av reaksjonære offiserar og var ikkje budd på ein slik krig i det heile. Ein hær av dette slaget må koma til å kapitulera. Den vesle væpna motstanden i Shengin, Durres, Vlora og Saranda var det soldatane som ytte av eige tiltak, og ikkje fordi det hadde vorte sendt ut nokon ordre ovanfrå om væpna motstand. Soldatane var småbønder, arbeidarar og fjellbygger. Denne vonde røynsla kunne langt på veg prova orda åt Marx og Engels:

«Kongedømet kan ikkje setja på spel sin eigen eksistens ved ein revolusjonær krig, med ei folkereising, med revolusjonær terror. Det vil slå seg i lag med den farlegaste fienden folket har, heller enn med folket . . ., masseoppreisten, den allmenne folkereisinga, er ei hjelperåd eit kongeleg regime er redd for å bruka.»⁸⁾

Historisk røynsle syner at slik har det alltid vore.

2. – Røynslene frå krigen har lært oss at same kor fåtallig eit folk er *kan det slåst og vinna mot ein større fiende* når det har ei *sterk politisk leiing* og eit politisk parti til mobilisera, trenar, organisera og leia det i væpna strid. Tidlegare krigar hadde ikkje lukkast for folket vårt fordi det vanta eit dugande politisk parti til å leia det i den rettvise krigen. I den nasjonale frigjeringskrigen kunne folket vårt greia børene av ein krig mot overmakta fordi det var leidd av Det albaniske kommunistpartiet, som organiserte og leidde rørsle. Med den rette politiske handlingslina si leidde partiet folket frå siger til siger.

Røynslene frå krigen lærde oss at der organisasjonen vår var kraftigast, var striden mest ubøyeleg. Der fekk fienden dei hardaste slaga, framgangen vår var best synleg, og folket vart nærare knytt til partiet.

3. – Røynslene frå krigen syner at:

«Folk som er huga på å vinna sjølvstende skulle ikkje halda seg berre til vanleg krig. Masseoppreistar og geriljaaksjonar over heile landet er det einaste viset

⁸⁾ – K. Marx og F. Engels, Partisankrig slik dei marxist-leninistiske klassikarane ser det, s. 33–34. Italiensk utgåve, Moskva 1945.

folk som er fåtalige kan vinna over ein større fiende. Slik kan ein liten hær stilla opp imot ein hær som er større, betre væpna og betre organisert.»⁹⁾

Kva hadde hendt om me bygde på prinsippet med matematisk utrekning av styrkane slik dei vanlege borgarlege hærane gjer? På det viset ville me ha kome til ein einaste konklusjon: «Å gje oss over, bukka under for fienden utan vilkår». Men partiet valde ikkje den dogmatiske vegen, med tomme prinsipp som særmerkjer borgarleg militærkunst. Tufta på marxistisk vitskap fann partiet den forma for krigføring som lettast kunne måtast til etter tilhøva våre, og leidde folket vårt inn i hardsett væpna strid mot fienden:

a) For det fyrste var det klårt for partiet heilt frå byrjinga at dette ikkje ville verta nokon vanleg krig av det slaget som to borgarlege hærar fører. I partiet var ein viss med at dette ville verta ein folkekrig mot framande inntrengjarar. Det er grunnen til at partiet sette i gang å arbeida på systematisk vis for å gje folkekrigen det *politiske innhaldet* og den rette handlingslina heilt frå byrjinga. For å oppnå dette mobiliserte partiet dei breie folkemassane for krig mot inntrengjarane, det trente og organiserte dei. Om folket ikkje hadde vorte medvitne om krigen sin ville det ikkje ha vore råd å reisa det og få i stand ein hær. Sabotasje, overfall, brot på sambandslinene åt fienden, åtak på fiendegarnisonar og lægerstader, frigjering av landsdelar og byar, dette var formene krigføringa hadde. Geriljaeiningar, soldatflokkar, bataljonar, brigadar, divisjonar og hærkorps, dette var organisasjonsformene

⁹⁾ Same stad s. 32.

partiet nytta for å byggja opp den nasjonale frigjeringshæren. Taktikken kunne ikkje vera den same gjennom heile krigen. Han måtte tola positive omgjeringar: Streikar, masseprotestar, attentat på spionar og svikarar, det var slik me byrja krigføringa. Partisanaksjonar må utvikla seg or at *me plagar fienden, forvildrar han og gjer det uråd for han å kontrollera situasjonen. I medan friar me landsbyar og heile landslutar, til me går over til den allmenne oppreisten og den fullstendige frigjeringa for landet vårt.* Såleis utvikla partisankrigen seg.

b) Partiet visste korleis krigen skulle først i rett lei. Ein var klår over at Albania hadde vorte fridd frå utanlandsk okkupasjon i 1912 og i 1920, men korkje i 1912 eller i 1920 hadde folket vore dei som vann. Difor kunne dei ikkje tola lenger at dei skulle slåst medan andre skulle hausta fruktene av strevet deira. Partiet såg korleis krigen ville utvikla seg politisk, og førte han på eit grunnlag med to sider: *Å frigjera fedrelandet frå inntrengjarane, og på same tid frå landsvikarane* som trufast tente inntrengjarane. Krigen me førte var ein *demokratisk, reint folkeleg revolusjon* som skulle *vinna over* alt som hadde ein snek av reaksjon: *Framand fascisme og heimleg reaksjon.*

c) – Partiet gav politisk innhald til hæren. Om partisanane ikkje hadde vore medvitne ville dei ikkje vita kvifor dei skulle slåst, og hæren vår ville ikkje ha vore i stand til å gjennomføra den historiske oppgåva si. Difor brukte me ein ny skipnad og ein ny framgangsmåte i hæroppsetjinga, heilt ulikt dei borgarlege hærane. Den politiske kommisæren representerte partiet i hæren. Avdelingane sto under kommandoen til dei politiske kommisærane så vel som sjefane sine (og

det er framleis slik). (1. april 1947. Red.) Dei politiske kommisærane opplyste partisanane politisk. Den politiske kommisæren var det grunnleggjande tildrivet for å gje hæren vår politisk særmerke. *Utan politiske kommisærar og utan politiske organ i hæren ville det ikkje ha vore råd å øva hæren politisk og moralsk.* Me ville ikkje ha fått sin hær som når som helst var viljug til å gje livet for folket. Utan politiske kommisærar og politiske organ ville hæren vår ikkje ha vore mykje ulik borgarhærane. Ein fullrådd hug, sjølvofring, fedrelandskjærleik og pliktkjensle i arbeid og strid har vore dei særkjenna som partisanane har vorte gjennomsyra av, takk vera arbeidet partiet har gjort i hæren.

d) – Partiet organiserte folket vårt til krig og leidde det heilt gjennom han *utan noko kompromiss med fienden.* Viljen til kompromiss og sekterisme har synt seg i krigstida både innan partiet og i hæren. Men partiet slo til i tide mot desse villfaringane som var i strid med handlingslina. Såleis reagerte til dømes kamerat Enver på mistaket kommandoen for Berati-gruppa gjorde då dei gjorde ei semje på halvvegen med tyskarane i november 1943:

«Åtferda dykkar mot tyskarane er ikkje rett i det heile. I brevet talar de om det som «eit slags kompromiss». Nei, kameratar, det er ikkje «eit slags kompromiss», men eit fullvakse kompromiss og ei utåleleg gjerning me må fordøma. Me kunne ha venta kva som helst av ein partisansjef. Men ei våpenkvild, om det endå er berre for ein einaste augneblink, med den verste fienden folket vårt og heile menneskeætta har, det er meir enn me kan skjøna. Me kan ikkje tenkja oss at kameratar som de, som

har slegest to år i strekk, ville orsaka dette alvorlege mistaket i ei sak der me i ord og gjerning har gått nådelaut imot «Nasjonalfrontistane» og andre reaksjonære. Endå om det var tale om å tapa heile hæren, å våga alt de hadde oppnådd så langt, SKULLE DE ALDRI HA GÅTT INN I NOKA SEMJE MED DEI BARBARISKE NAZISTANE».¹⁰⁾

På same viset var sentralkomitéen i partiet lite blide på all sekterisme som synte seg, og heldt partilina så klår som krystall, fri for høgreavvik, opportunisme og venstreavvik.

e) Partiet gjennomsyra medlemene sine med offervilje og fullrådd hug for krigen mot inntrengjarane og landssvikarane. *Partimedlemene var dei fyrste til å gå til åtak og dei siste til å vika.* Dei var føredøme på mot og disiplin, og utan dei ville partisanstyrkene ikkje eingong ha funnest. Mange partimedlemer og unge kommunistar let livet med «Lenge leve partiet!» som sine siste ord.

f) Frå fyrste stund var krigsropet for partiet: «*Hard krig mot fienden!*» Heilt i byrjinga sende partiet ut slagordet «*Død over fascismen! Fridom for folket!*» Men til å reisa folket mot inntrengjarane og svikarane trongst det meir enn å vekke og organisera folket og kampeiningane med partisanar. Til det trongst det *våpen* òg. Dette var ein væpna oppreist, ikkje ein fredeleg demonstrasjon. Men endå om me vanta våpen, venta ikkje partiet på at andre skulle forsyna oss. Det skipa kampeiningar av partisanar endå om dei ikkje

¹⁰⁾ – Utdrag er dokumenta i partiarkivet.

hadde våpen i byrjinga. Fienden hadde våpen, alt me trong gjera var å gå laus på fienden og triva våpna frå dei for å væpna oss sjølve. Og det gjorde me. Om me hadde sagt til ein offiser som var opplærd i militærakademia at «me har tenkt å setja i gong ein krig endå til utan våpen», ville han ha kalla det «vitløyse og sjølv mord, enkelt og greitt». Partiet gav ingen ans på oppskrifter frå dei borgarlege militærakademia, men fekk inspirasjon frå det Lenin lærer, såleis:

«Ei organisert og samansveisa stridseining er ei stor kraft når det ikkje skortar på energi. Ikkje på noko vis må ein avslå å skipa og få i gang att stridseiningar fordi om våpna ikkje er der...»¹¹⁾

«Ingen partiorganisasjon kan væpna massane. På den andre sida kan det at ein organiserer massane i småe stridseiningar som er sterkt rørlege, vera til stor hjelp så dei kan væpna seg sjølve.»¹²⁾

I byrjinga hadde einingane våre (gerilja, soldatflokkar) ingen vanlege moderne våpen, sume hadde hagler, gamle italienske, greske eller serbiske luntebørser, sume hadde flintebørser, bakladarar eller karabinar, og sume berre pistolar og bomber. Men dei gjekk til åtak på fienden og treiv våpna frå han. *Me slost mot fienden med hans eigne våpen*, med våpna me treiv ifrå han.

g) – *Me vanta kadrar*: Dei måtte koma frå sjølve krigen, frå partisansoldatane som merkte seg ut i strid ved mot, disiplin og fast vilje. Mest alle Zog-kadrane gjekk inn i teneste hjå inntrengjarane og svikarane.

¹¹⁾ – Lenin, Samla verk, b. VIII, s. 327–30, russisk utg.

¹²⁾ – Lenin, Samla verk, b. X, s. 14–17, russisk utg.

Partiet sa: «*kadrane må stiga fram or krigen*». Slik svara kamerat Enver sjefen for ein partisanbataljon som krov kadrar 8. november 1943:

«Ynsket dykkar kjem uventa på oss. (Førespur-naden galt ein nestkommanderande og kommisær, og visse andre kompanikommissærer. (Red.) ... For oss ser det ut som om de enno ikkje har skjøna, at bataljonar og soldatflokkar er dei sanne kjeldene der sjefar, nestkommanderande og politiske leiarar slik som kommisærer og hjelpekommissærer, skal stiga fram. Det er i striden desse leiarane stig fram, men sjølvstøtt gror dei ikkje av seg sjølve likt sopp. Me seier oss leie for at bataljonen dykkar, røynd og samansett av 240 partisanar som han er, kan vanta leiarar ... leiarane i den bataljonen har ikkje ansa nok på denne saka, så viktig ho er for krigen vår, og så varsam ein må vera her. Det vil seia at de ikkje har ansa nok på å *få fram og øva slike folk som har brennhug for krigen, til leiarrekkeane*. Kameratane våre i denne bataljonen har teke opp denne saka svært overflatisk og på eit sekterisk vis ... »¹³⁾

Såleis har partiet løyst kaderproblemet i den nasjonale frigjeringskrigen «*ved å øva og få fram slike folk som har brennhug for krigen, til leiarrekkeane*». Slik måtte ein gå fram for å få arbeidarar og bønder som merkte seg ut i krig, inn i avdelingsleiingane. På dette viset kunne me byggja den sosiale samansetjinga av hærkadrane på sunt grunnlag.

¹³⁾ – Utdrag or dokumenta i partiarkivet.

h) – *Me vanta utrusting og forsyningar*, men me var *soldatar av folket* for me hadde stige fram or folket, og slost for det. Folket rekna oss som sine kjæraste søner. Det delte den siste brødbiten med oss. Heile Albania vart ein base for partisanar. Dette var folkekrig.

Men den andre hovudkjelda me fekk forsyningar frå var fienden sjølv, *frå fiendelagra*. Om ein yrkesmilitær i Zog-hæren hadde vorte fortald at «me har ingen våpen eller ammunisjon, ingen klede eller forsyningar, men me vil slåst mot fienden med hans egne våpen, me skal verta fødde og kledde med fienden sine egne forsyningar», då ville den militære «eksper-ten» ha fortalt oss at «me var galne, og ingen ting visste om militært handverk». Men partiet visste korleis me kunne slåst, endå om me i fyrstninga ikkje hadde våpen eller forsyningar. Slik svara kamerat Enver områdesjefar og partisanleiarar som krov utrusting frå Generalstaben i 1943:

«Slike spurnader støkkjer oss. De må hugsa på at me byrja denne krigen utan anna hjelp enn den folket fekk til veges, og de lyt ha i minnet at me skal halda fram heilt til slutt med grunnlag i denne hjelpa. Me kan ikkje rekna med anna hjelp som kan koma (om det så er frå dei allierte) for det har så lite å seia at det ikkje fortener å nemnast. Leiarane må ikkje tapa av syne at forsyningane og våpna våre skal me tvinga ut or fienden. *Forsyningskjelda vår ligg einast i åtak på fienden. DE MÅ SLÅST FOR Å TA FRÅ FIENDEN*»¹⁴⁾.

¹⁴⁾ – Utdrag or partiarkiva.

Slik fører me krigen mot fienden.

i) – Partiet gav mest gaum på *det arbeidande bøndene og arbeidarklassen*. Storparten av dei som fylte rekkjene i soldatflokkane og brigadane var bønder (gardbrukarar, gjetarar, gardsarbeidarar) og arbeidarar. Dette var ingen slump. Det var den logiske fylgja av den eldgamle kuinga av bønder og arbeidarar. Dei lægre laga og mellomlaga av bøndene og arbeidararne hadde bore storparten av den hjartelaust harde kuinga under fascismen og tidlegare regime. Dei var dei klassane som måla i den nasjonale frigjeringskrigen kom mest ved:

- 1) å fri landet frå utanlandske inntrengjarar,
- 2) å kvitta seg med heimleg reaksjon,
- 3) å skipa Den demokratiske folkerepublikken og den demokratiske regjeringa,
- 4) å kverrsetja (taka utan vederlag) dei store eigedomane frå dei føydale stormennene og rikdomen som er samla opp hjå handelsspekulantar, og vedta lover om jordreform,
- 5) å opna eit lukkeleg liv i eit fritt og sant demokratisk Albania.

Det var difor dette sosiale laget i folket (dei lægre laga og mellomlaga av bøndene så vel som heile arbeidarklassen) var den sosiale grunnvollen i rørsla vår, i krigen og i hæren. Partiet vann tiltru hjå desse massane, reiste dei, organiserte dei, lærde dei opp og kasta dei inn i væpna strid med fienden. Det var i den væpna krigen for nasjonal frigjering at stridssamlaget mellom dei arbeidande bøndene og arbeidarklas-

sen vart bygd og styrkte seg. Arbeidarklassen spela den leiande rolla gjennom fortroppen sin, det kommunistiske partiet.

j) – Den nasjonale frigjeringshæren og folket streid med klåre framtidsvoner: Mot den antifascistiske blokka, det sovjetisk-engelsk-amerikanske sambandet og den heltemotige motstanden dei underkua folka ytte, mot viljen hjå dei fridomselskande folka, kunne ikkje mørkemaktene koma frå det med siger. Leia me gjekk ville visseleg føra til at styrkane våre vaks, at krigen utvida seg, at nasjonalkjensla vart styrkt og fienden veikna, til at fienden skulle falla heilt og fedrelandet vårt verta fullstendig fritt. Me førte ein rettviss krig, og det var partiet som synte denne framtidsvona for hæren og folket vårt.

k) – Partiet gjennomsyra den nasjonale frigjeringshæren med kjensla av brorskap mellom folka, og med grenselaus kjærleik og verkeleg vyrdnad for det ærerike Sovjetunionen. Den marxistiske lyftinga av folket vårt og den nasjonale frigjeringshæren har vore røtt i kjærleik til det sovjetiske folket og venskap med det. Her fylgde partiet prinsippa i den proletariske internasjonalsmenen og såg Sovjetunionen som ein frigjerrar for folket vårt.

4. – Den nasjonale frigjeringskrigen lærde oss grunnprinsippa i revolusjonær militærkunst. Krigen vår var ei væpna folkereising. Men Marx lærer oss at «ein væpna oppreist er òg ein kunst nett som vanleg krigføring»¹⁵⁾. Aksjonane åt geriljæiningane og sol-

¹⁵⁾ – K. Marx, Utvalde verk, b. II, s. 119–121 italiensk utgåve, Moskva 1944.

datflokkane, operasjonane med partisanbrigadar og divisjonar i seg sjølve, lærde oss at i krig kan ein ikkje setja opp nokon faste reglar og ubrigdelege oppskrifter. Dei lærde oss at krigen er samansett av faktorar og element som utviklar seg og samverkar slik at kvar einaste oppskrift, regel, klår avgjerd og meining gjort opp på førehand, vil ha eit lag til å skifta for å høva med tilstandane. Krigen lærde oss at medan han står på er ingen ting fast og urikkande, alt er i skiftande og i utvikling. Taktiske oppskrifter, tungrodd skjema og taktisk dogmatisme fører til katastrofe. Dugleiken hjå hærføraren til å gjera seg opp ei meining om stoda og vurdera dei militære og politiske tilhøva for striden objektivt gjev han høve til å ta rettare avgjerder om militære tiltak. Slik lærde partiet oss me skulle føra avdelingane og partisaneiningane på slagmarka. Denne makelause røynsla, desse rette slutningane om kunsten å føra partisankrig er like verdfulle for oss i dag når me skal føra den regulære hæren vår. Dei krev at me meistrar den dialektiske metoden når me styrer taktikken og operasjonane i hæren. Dei krev at me er «fast og klårt imot alle abstrakte oppskrifter, mot alle lærebundne råder...»¹⁶⁾, vera å byksa i dogmemyra. Dei krev at me gjer ein artsanalyse av utviklinga i den militære situasjonen og tek avgjerder på grunnlag av denne konkrete analysen.

På den andre sida har me lært at ingen krig kan gå vel om me ikkje tek omsyn til visse allmenne orienteringsprinsipp og nyttar dei når me vil organisera, føra vidare og avslutta krigen. Kva er så desse leiande prinsippa, desse grunnreglane for organisering,

¹⁶⁾ – Lenin, Samla verk, b. X, s. 80–88, russisk utg.

framhalde og styring i krigen, i samsvar med røynslene i partisankrigen?

1) – Eit revolusjonært medvit.

For å sigra i krigen er det eit kjernepunkt at hæren framfor alt er medviten om krigen han fører, det må vera ein revolusjonær hær. I den nasjonale frigjeringskrigen streid partisanane i tilhøve og omstende med mykje motgang. *Berrføtte, utan nok våpen og ammunisjon streid dei og vann over ein fiende som var over dei i tal, hjelperåder, organisasjon og røynsle.* Striden vår var eit uttrykk for den moralske og politiske styrken i hæren vår. Den nasjonale frigjeringskrigen synte at bonden og arbeidaren vår, heile det albanske folket, sto over fienden moralsk, for dei visste kvifor dei slost, dei vart medvitne om krigen sin. Den politiske opplæringa som partisanen fekk i rekkjene i den nasjonale frigjeringshæren, gjorde han *ubøyeleg i motgang, fast innstilt på å frigjera fedrelandet, motig og uredde for dauden.* Det var *ikkje forma, men innhaldet* som særmerkte partisandisiplinen. Partisanen var lydig og disiplinert, han var nøye på å gjera det dei over han gav ordre om. Men han eigna åt seg denne kjensla av disiplin takk vere den politiske opplæringa han fekk som soldat i partisanavdelingane. Det er her at *rolla partiet har i hæren syner seg for fullt*, for det er partiet som ordnar med og styrer arbeidet med politisk oppseding i hæren. For at ein hær skal vera eit våpen for folket må han vera «kjøt og blod» av folket, rett og slett. Hæren vår steig fram or folket, og streid saman med og for det. Difor er det ein folkehær, ein revolusjonær hær.

2) – Den faste viljen hjå kadrane og soldatane til å føra krigen til endes, utan å gjera kompromiss, for å nå det endelege målet med å slåst – sigeren.

Det er viktig å leggja dette prinsippet til grunn både for den allmenne skipnaden for striden så vel som når me skipar ein einskild kamp. Når det gjeld den allmenne ramma for krigen har me halde oss til dette grunnprinsippet. Sjølve krigen me har ført, striden på alle kantar, den *grenselause* krigen mot fienden som me førte til siger på ein avgjerande måte, syner at me for vår del har nytta dette prinsippet. Krigsrøynsla kan syna at endå til i små trefningar, i soldatflokk- og geriljaaksjonar og i einskildtiltak (attentat), kan dette prinsippet *forklara* og fastsetja utviklinga og resultatet av verksemda. Det er prinsippet med fast vilje til å nå målet, og det at ein fylgjestrengt held seg til dette til slutten. Dette prinsippet krev at før du tek i ferd med ein aksjon, må du nøye gjera deg opp ei meining om stoda. Når du veit kva du vil, må du gå fram med heilt fullrådd hug til slutten og godta alle fylgjene aksjonen din får.

Dei partisanavdelingane (brigadar, soldatflokkar og mindre stridseiningar) som har gått fram etter denne lina har hatt framgang. Dei som har sett i gang aksjonar utan å vera huga på å slåst, *utan å ha avgjort at dei ville vinna*, endå til etter dei hadde sett i gang, har enten gjeve opp på halvvegen eller har ikkje vore i stand til å utnytta alle omstenda til å hausta siger.

3) – Prinsippet med hovudslaget.

I strid er det uråd å jamna styrken likt utover heile det militære aksjonsfeltet. Ein lyt samla hovudstyrken

i hovudleia og såleis få overtaket på fienden på ein viss stad til ei viss tid. Me lyt gå laus på fienden med styrkane våre der me kan gje han det største tapet, der tapa våre vert ingen ting å tala om og me kan nå målet snøggare.

Me har alltid vore mindre enn fienden i tal og hjelperåder så langt det gjeld *allmenne overslag* om styrkane. Men med å samla styrkane våre snøgt og umerkande på ei viss tid og på ein viss stad har me ofte fått overtaket på fienden, me har gått til åtak og slege han. Å oversjå dette prinsippet ville føra til at ein miste styrkane sine del for del, aldri fekk overtaket på fienden og ikkje nådde målet. Men ein må kunna tolka dette prinsippet rett. *Overtaket vårt på fienden kan ikkje reknast berre i tal på soldatar og ammunisjonsmengd* kvar side rår over. I tillegg til tallet på soldatar eller einingar og væpning på kvar side i striden må ein ta omsyn til ei mengd andre subjektive og objektive tilhøve som spelar ei viktig rolle i vårt tilfelle. Det gjeld til dømes den moralske og fysiske tilstanden i avdelingane og einingane, stridsdugleiken, landskapsformene og lendet der striden står, tida og vertilhøva (dag, natt, regn eller godver), dei politiske tilhøva der striden står, vonene for å få meir mannskap, om ein kan koma uventa på, det politisk og militært sett rette tidspunktet og så bortetter. Rette slutningar om styrketilhøvet og slagmarka kan ein nå berre om ein analyserer alle desse tilhøva i detalj. Og røynsla viser at når styrketilhøvet vert rekna ut slik har operasjonane hatt framgang, medan me har drege på oss tap når me ikkje analyserte alle desse tilhøva.

Og prinsippet med hovudslaget kan nyttast på kri-

gen i det store og heile, likså vel som på dei lokale og avgrensa aksjonane. *Å velja den rette tida og staden eller retninga og så på den tida og i den leia få overtaket på fienden for å gje han hovudslaget, dét er mergen i hovudslaget.*

Innan den allmenne ramma for partisankrig spe- lar prinsippet med hovudslaget ei viktig rolle. Det er vanskelegare å bruka det i partisankrig enn i regulær krig. Kvifor det? Det har å gjera med at særhåtten i partisantaktikken er annleis enn i ein regulær hær, slik me skal sjå seinare.

4) – Pågangsmotet.

For å lukkast i krig lyt heile hæren vera gjennom- syra av pågangsmot. Partisanhæren var ein hær av stormsoldatar (i taktisk meining, ikkje i strategisk).

Pågangsmotet får ein tak i hovudsakleg *ved å gå laus på fienden same kvar han er og så ofte som høvet byr seg*. Røynslene frå krigen syner at dei par- tisanavdelingane som ikkje har sove på post men har vore aktivt med i militære operasjonar, har skræmt fiendesoldatane og valda dei store tap. Sjølve har dei drege på seg svært småe tap. Motsett har dei avdelin- gane som ikkje har vore gjennomsyra av pågangsmot, ikkje berre mislukkast og ikkje greidd å skada fien- den, men har utsett seg for han og ofte vorte over- vunne. Me har sett dette særleg hjå stadbundne betal- jonar.

At ein hær kan eiga pågangsmot vil ikkje seia at *heile hæren skal gå til åtak alltid*. Med pågangsmotet meiner me den drivande verksemda i stridsavdelinga- ne både i åtak og forsvar. Det er uråd for alle avdel-

ingane å gå til åtak på same lida. Men den viktigaste operasjonen for ein partisanhær er åtaket, å få skifta hogg med fienden. For å gjennomføra dette prinsippet må kvar avdeling, same kor lita ho er, gå laus på fienden og gjera framgang, same kor liten han kan vera. Partiet har vurdert dette prinsippet høgt, og har gjort kva det har kunna for å gjera alle partisanavdelingar til stormtroppar. Slik kritiserte kamerat Enver staben i ein partisanbataljon som hadde sove på post, i september 1943:

«Medlemene i denne staben har enno ikkje skjønna taktikken i partisankrigen. *Partisanar må aldri koma på defensiven. Når de held på området dykkar er det ein forsvarskrig som kan føra hæren vår andlet til andlet med ein stor fiendestyrke som kunne utrydja han.* De må for all del skifte taktikk og taktikken vår ligg i åtaket. Då kan de flytta dykk snøgt og gå til åtak på fienden ofte og på ulike stader. Slik kan me forvildra han og føra tap på han... me kan sprengja bruer og gå laus på tyske konvoyar utan stogg (ikkje ein gong i månaden), herja tyske og italienske depot og koma lause att med det materiellet me treng til å utstyra nykomarane til partisanrekkjene.»¹⁷⁾

I eit lende som vårt, i det albanske høglandet, står åtakskrigen høgt over forsvarskrigen, og det gjeld særskilt for partisanavdelingar i åtak. Då Lenin analyserte prinsippa for partisankrig kom han fram til desse slutningane:

¹⁷⁾ – Utdrag frå dokumenta i partiarkivet.

«Straks oppreisten er i gang lyt ein gå fram med sterk og klår vilje og gå over på offensiven under alle tilhøve,¹⁸⁾ *forsvarskrig* er dauden for den væpna oppreisten.»¹⁹⁾

Det vil seia at partisanavdelingar lyt vera stormtroppar. Men heller ikkje forsvarskrig skal ein kasta frå seg som ei *andrerangs form* for krigføring. Når ei viss avdeling (men aldri heile hæren, for i så fall ville «forsvar vera dauden for han») vert tvinga av tilhøva til å halda på dei har vunne, må forsvaret ha ein dynamisk svip. Det vil seia at forsvaret må vera *mellombels, kraftfullt, tøyeleg og gå føre seg på visse avsnitt*. Det beste forsvaret får ein med *stuttvarige motåtak* som kan plaga og slita ut fienden og skapa tilhøve for å gå over til offensiven att ved fyrste høve.

I samband med partisankrig har Marx og Lenin rådd til å lyda på taktikkmeisteren i den franske revolusjonen, Danton: «Mot og atter mot, alltid mot!»²⁰⁾

5) – Å koma uventa på.

Om fienden kjem brått på oss er det lagnadstungt for oss, men når me kjem uventa på fienden har me utnytta eit viktig tilhøve for å gje operasjonane framgang.

For at verknaden skal verta større må me gjera dette slik at me *råkar fienden der og når han minst ventar det*. Dette bråtakingsprinsippet er viktig for alle hærar, men for partisanhæren er det i dei fleste høve

¹⁸⁾ – Lenin, Samla verk, b. XXI, s. 319–320, russisk utg.

¹⁹⁾ – K. Marx, Utvalde verk, b. II, s. 119–121, italiensk utg., Moskva 1944.

²⁰⁾ – K. Marx, Utvalde verk, b. II, s. 119–121, italiensk utg., Moskva 1944.

det *avgjerande* vilkåret for framgang i operasjonen. Naturen i omgjevnaden vår gjer at både me og fiendehæren kan koma uventa. Partisanavdelingane har alltid utnytta dette som eit kjernepunkt. For å sleppa at fienden skal koma uventa må ein ta tryggingstiltak. Røynsla kan syna at dei avdelingane som har forsømt tryggingstiltak mot uventa fiendeåtak, har lide tap som kjennest. Motsett har dei avdelingane hausta framgang som har gått til åtak på fienden når han ikkje venta det, endå når dei var mindre enn fienden i tal og hadde mindre å hjelpa seg med. I eit brev til Fyrste stormbrigade i november 1943 skreiv kamerat Enver mellom anna:

«Tyske soldatflokkar på 50–60 mann som sjølv sagt er leidde av svikarar, kjem og brenner opp landsbyar og går laus på soldatflokkane våre der dei minst ventar det. Det er sant, og det må du seia frå om til kameratane våre kvar du så kjem, at bataljonane våre allment er i den trua at dei har å gjera med Mussolini-troppar som vantar stridshug. Over alt der desse tyske avdelingane har kome til har dei funne kameratane skøytelaust sovande på post. Dette hende i Peza i slaget om Arbana, det hende i Pogradec, i Devolli og Voskopoja. Taktikken fienden nyttar er å gå til åtak og gjera det så ofte at han ikkje gjev oss kvild. Men dette er vår eigen taktikk, og me *må på ingen måte lata fienden vera fyrst ute*. Me er her i vårt eige land, me er betre kjende med fjella og fjellskarda, folket er på vår side dei fleste stader og difor *kan det ikkje verta tolt at fienden skal kunna koma uventa på oss*»²¹⁾

²¹⁾ – Utdrag or dokumenta i partiarkivet.

Å koma uventa på er ikkje så viktig for ein regulær hær som for partisankrigføring. I ordinær strid har det avgrensa verte fordi regulær krigføring i seg sjølv er slik at det ikkje er nokon slingringsmon for store mellomrom mellom stridsavdelingar eller einingar. Men i partisankrig, særleg når krigsskodeplassen ligg i fjellet, der mellomroma mellom avdelingar og einingar er meir eller mindre store, kan uventa åtak gjerast heile tida, og verknaden *kan endå til vera avgjerande* for resultatet av operasjonen på staden. Vilkåra i partisankrig gjer at uventa åtak er eit kjernepunkt for å vega opp for at me er mindre enn fienden. Militære operasjonar om natta, i regnver, snøgge tropperørsler (kvikk samling og spreiking av styrkar) er hjelperåder som gjer uventa åtak moglege. I denne samanhengen lærer Marx og Lenin oss:

«Ein må leggja vinn på å setja i gang uventa åtak på fienden, å råka han når troppane hans er spreidde.»²²⁾

6) Manøvrering (å vera rørleg).

I partisankrig veg prinsippet om å vera rørleg tungt. Manøvrering har å gjera med *måten me flyttar styrkane våre for å gå til uventa åtak på fienden og halda på initiativet* ved å gå til åtak på den staden, tida og måten me ynskjer. Partisankrigen har lært oss at av alle manøvrar har det gjeve dei beste resultatata å gå til åtak på fienden i *flankane* eller endå betre, i *baktroppen*. Manøveren frontalåtak har vore mest for å demonstrera og det har hatt mindre å seia. Når ein skal manøvrera må ein ha fart og kunna røra seg.

²²⁾ – Lenin, Samla verk, b. XXI, s. 319–320, russisk utg.

Røynslene syner at dei avdelingane som har nytta manøvrering som eit kjernepunkt i taktikken har hatt lukka med seg, medan dei avdelingane som har forsømt det har mist evna til å røre seg og på same tid vorte eit lett mål for fienden, og såleis lide tap. *Heller ikkje kan pågangsmotet verta utvikla utan manøvrering.*

Når Fyrste stormbrigade vart fyrsteklasses var det mest fordi han gjorde stadig manøvrering til det viktigaste våpenet sitt. På den andre sida kunne Fjerde stormbrigade ikkje få nokon større framgang mot fienden så lenge han var nøydd å leggja verksemda si berre innan Korca-området, til eit trøgt aksjonsfelt. Men han vart ein av dei beste brigadane då han tok i bruk manøvrering, såg det å kunna røre seg som eit kjernepunkt, då han kom ut av det trønge aksjonsfeltet og vart innlema i Fyrste divisjon som opererte i midtre og nordre Albania.

I partisankrig går det klårt og greitt mot tap om du slepper initiativet or hendene, marsjerer på staden, ligg etter og let vera å forfylgja fienden, let vera å gå laus på han, men let han gå laus på deg, let han forfylgja deg.

Partisanhæren er mest heilt ut eit infanteri, og difor har han alle utveger til å vera ein manøvrerande hær. Det finst ingen rinde eller rev, ingen skard eller bekk som partisanen ikkje kan nå. Denne føremunen i rørsle gjer at partisanavdelinga kan gå til åtak på fiendeflankane eller i baktroppen hans og gjera stutt prosess eller slå han, trass i at han held seg på ein verna stad det ville ha vore uråd å kringsetja i eit frontalåtak.

For partisanroppar står offensive operasjonar høgt over forsvarsaksjonar, særleg i fjellområde. Fienden

har ofte gått laus på oss med store troppestyrkar. I slike høve hadde partisanavdelingar endå til kunna verta utrydja av dei større fiendestyrkane om dei hadde klumpa seg saman. Men med å manøvrera har brigadane våre ikkje berre sloppe å koma i baklur hjå fienden, men har halde styrkane sine i orden og gjort fienden mykje skade.

Lat oss gje nokre konkrete fakta. Felttoget vinteren 1943–44 var fullt av tyngsler for soldatane våre. Femte og sjette brigade vart skipa under desse operasjonane. Partisantroppane mangdobla seg og det var berre noggrann manøvrering under tilhøve med mykje motgang som gjorde dei i stand til å møte og lura seg unna vågnaden med å verta tynte av fiendestyrkane som var sterkare. Den snøgge manøvreren Fyrste brigade gjennomførte frå Mesaplik til Skrapar og den rasande striden dei førte ved Krukkefeltet mellom 20. og 26. januar 1944, gjorde at det var råd å skipa Sjetten brigade, at me kunne dra styrkane ut av det farlege området Zagoria og til Danglli, og at Fjerde brigade kunne gå til motåtak for å frigjera Gora og Opari. Seinare fall den tyngste børa i felttoget på Femte brigade som manøvrerte med stor dugleik med spreidde styrkar og kom til Kendrevise og Kurvelesh. Sjetten brigade gjekk laus på fiendebaktroppen, frigjorde dei områda han hadde hærsett og gjorde det lettare for Femte brigade å gjera kraftfull motstand. I mellomtida sette Fyrste brigade i gang eit åtak og frigjorde Skrapar, Tomorica og Mokra. Noko av styrkane frå Fyrste brigade gjorde eit innfall djupt inn i områda som var plaga av reaksjonære, og gjekk ein vågeleg veg frå Skrapar gjennom Mokra, Çermenika, Golloborda, Martanesh, Mati, Shengjergj, Pezë, Dumre og Sulove.

Dette innfallet var på same tid ei avleiing av fiendestyrkane, og hindra reaksjonære styrkar frå å gje seg ut på eit andre felttog i midtre Albania.

Under felttoget i juni 1944, medan fienden ville til å ringa inn alle styrkane våre i Sør-Albania for å gjera dei til inkjes, gav Overkommandoen Fyrste divisjon ordre om å bryta omlægninga fiendestyrkane heldt og setja i verk eit åtak for å frigjera midtre og nordre Albania. Avgjerda Overkommandoen tok om at Fyrste divisjon skulle setja i gang ein vidfemnande manøver, hadde historisk vekt. Dei skulle *gå djupt inn i fiendeland og slå til der han var sterkast og mot hovudreservane hans*. Tre gonger var Fyrste divisjon kringsett i Dibra-området. Men dei utnytta manøvreringa, og med pågangsmot som viktigaste styrke braut dei ikkje berre omlægninga, men knuste alle fiendestyrkane på svært stutt tid og frigjorde midtre og nordre Albania.

Slaget om Tirana var toppen på dei militære operasjonane for hæren vår. Stridane der var dei villaste og førte til at fienden vart heilt innringa og gjort til inkjes, med styrkar som sto over våre i tal og utstyr. Denne framgangen var mogleg fyrst og fremst fordi prinsippet med *manøvrering* vart brukt rett, fordi kommandoen vår heldt seg til prinsippet om *reservar* og fordi partisanane våre var fast og avgjort huga på åtak.

7) – Initiativet (Å ta tiltak sjølv)

Slik tilhøva er i partisankrig, er initiativ mykje viktigare enn i regulær krigføring. I partisankrig er det eit av dei grunnleggjande prinsippa. Utan initiativ vil ei stridsavdeling som ventar på ordrar og instruksar

ovanfrå, lett verta passiv. Partisanavdelingane opererer alltid sjølvstendig, og det er uråd alltid å samordna militæroperasjonar for partisanar i fullt samarbeid slik ein kan med ein regulær hær. Røynslene frå partisankrigen har synt at dei avdelingane som hadde vorte gjennomsyra med å ta tiltak sjølve, har utvikla pågangsmotet og alltid sigra. I partisankrig er militære operasjonar samordna gjennom allmenne retningsliner, krigsslagord og ordrar ovanfrå, *som i regelen aldri er greie og endelege*, men elastiske. Dei opnar perspektiv for avdelingssjefen og rettleier han om kva som skal gjerast i ein etter måten lang tidbolk. Til dømes får partisanavdelinga i eit område instruks om å skipla sambandslinene for fienden, herja depot, garnisonar, postar og dylikt, men dei vert ikkje fortalde at ein viss dag på eit visst klokkeslett skal ein viss operasjon gjennomførast med så og så mange mann. Såleis er resultatet av partisankrigen i eit område summen av alle militæroperasjonane avdelingane i det området har gjennomført. Slik skreiv til dømes staben i Fyrste divisjon til brigadane, for å byggja divisjonen opp med tiltakslyst, sumaren 1944:

«... sjølve særhåttene i partisankrig fremjar tiltakslysta mellom partisanane. Tiltakslyst er ei kjernesak partisankrigen ikkje kan vera utan. For å utvikla denne hugen må ein:

– lata vera å gje turre og greie ordrar. Ordrar av dette slaget forkvaklar initiativet hjå partisanen og held han ifrå å gjera framgang. Same kven som arbeider ut ein ordre, så må han ha klårt for seg at ein slik ordre ikkje må vera stiv, men ha form av retningsliner eller ein instruks som skal driva dei som

skal gjennomføra han til å røyna tankane sine og finna ut korleis dei skal få det gjort.

– Ingen andre enn dei som lit på seg sjølve kan ta eit initiativ. For å fremja trua på seg sjølv hjå staben og partisanane må dei påleggjast ansvarsfulle oppgaver og samstundes få instruksar og ansvaret for å gjennomføra dei.

– Lat dette prinsippet leia oss: Det er mykje betre å gjera feil enn ingen ting gjera fordi ein er redd for å gjera feil. Men eit tiltak må alltid vera byggjande og logisk, det vil seia vera innanfor rammene av planar og retningslinjer frå Overkommandoen.»²³⁾

8) – Framhald i operasjonane.

Røynslene frå partisankrigen har synt at det å halda operasjonane i gang ikkje berre er eit av hovudprinsippa i krigen i det store og heile, men det er òg grunnlaget for alle andre prinsipp som styrer prosessen i militære partisanoperasjonar. Partiet har alltid kravd av organa sine i den nasjonale frigjeringshæren at dei skulle kasta seg inn i livleg strid mot fienden, samanhengjande og utan avbrot. Dette skreiv kamerat Enver til sjefane i operasjonsområda mot slutten av 1943:

«Krigen de fører mot fienden skulle i sanning vera ein *uavbroten offensiv* med harde slag retta mot fienden til tider og på stader der han minst ventar det. Slik skal de gje fienden store tap medan

²³⁾ – Allmenne taktiske synspunkt på partisankrig, Fyrste divisjon, oktober 1944, s. 11–12.

de held dykkar egne styrkar uskadde. Sky frontalstrid, og på slik stad og tid som fienden ynskjer. *Vent aldri på at fienden skal setja i gang eit åtak men gjer fiendeåtaket til inkjes med å gå laus på han før han tek til.»²⁴⁾*

Utan at me gjennomfører prinsippet med vedvarande militære operasjonar mot fienden er det nyttelaust å tala om manøvreringsprinsippet. Dessutan, *å manøvrera utan å gå laus på fienden ville føra til tap med visse*. Med oppattekte åtak held me oppe det moralske overtaket på fienden, og dette er eit kjernepunkt om operasjonane skal lukkast.

Då Lenin tok for seg partisankrigen kom han til denne slutninga: «Det er turvande å ha framgang *kvar dag* (me kan endå til seia kvar time om me snakkar om operasjonane i eit einskild distrikt), om han er aldri så liten, og halda på det moralske overtaket same kva det kostar»²⁵⁾.

Dette er i det store og heile hovudprinsippa som lei-er partisankrigen, folkereisinga. Dette er dei allmenne linene me har bygt på når me organiserte og styrte den nasjonale frigjeringsstriden. Desse allmenne prinsippa er like verdfulle for det militære handverket vårt i dag.

²⁴⁾ – Utdrag or dokumenta i partiarkivet.

²⁵⁾ – Lenin, Samla verk, b. XXI. s. 319–320.

III – SAMANLIKNING MELLOM EIN PARTISANHÆR OG EIN REGULÆR HÆR

Partisanhæren er heilt ulik ein regulær hær både når det gjeld organisasjon og væpning og taktikk. – Partisanhæren er ein makelaus hær, og difor er krigen han fører eineståande, gjennomført under heilt uvanlege vilkår som er heilt ulike dei ein regulær hær har. Kva slag særdrag skil partisanhæren frå ein regulær hær?

1. – Ein skilnad i organisasjon og samansetjing.

Partisanhæren er samansett av *friviljuge* som kjem og slær seg saman med partisanane av eigen fri vilje. *Det finst ingen grenser når det gjeld alder eller kjønn i partisanavdelingane.* Tilårskomne menn, unge kvinner, unge menn i militærtenestealderen, pionerar og andre er med i partisanrekkjene. I ein regulær hær skjer ikkje mobiliseringa etter om folk er viljuge, men ved *mobiliseringslova*.

Partisanhæren er nesten heilt igjennom eit *infanteri*. Hærskipnaden er *einfelt*. Styrken ligg i pågangsmot, snøgg manøvrering, uventa åtak og lynsnar eldgjeving i hovudsak med rifler, automatvåpen, lette og tunge maskingevær, granatar og bajonettar, og lite anna. Ein regulær hær har sin meir innfløkt skipnad. Han bygger ikkje berre på infanteriet, men på alle våpenartar

og spesialitetar moderne krigføring krev. Kadrane i partisanhæren stig fram or folkekrigen medan kadrane i ein regulær hær er systematisk opplærde i militære skular og akademi.

2. – Ein skilnad i våpen.

Partisanhæren stig fram or særlege omstende der eit folk er hærsett av utanlandske imperialistiske åtaksmenn eller kua under heimleg reaksjon. Våpen og våpenfabrikkar er i hendene på inntrengjarane eller på det regimet som sit med makta. Difor set partisanane i gang krigen med det dei kan få tak i og væpnar seg sjølve med våpen dei triv frå fienden. Då Lenin i 1905 skulle rekna opp oppgåvene for avdelingane i den revolusjonære hæren, skreiv han:

«Avdelingar kan skipast enten dei er store eller småe, og kan byrja med 2 eller 3 personar. Desse avdelingane må væpna seg sjølve så godt dei kan (med rifler, revolverar, handgranatar, knivar, øksar, klubber, filler bløytt i parafin til eldpåsetjing, reip og stigar av ymse slag, plankar til å byggja speringar, kapslar til fenghetter, piggråd, spikar mot kavalleri og dylikt). Ein må ikkje venta på at utanforståande hjelp skal koma ovanfrå, men få tak i alt sjølv... endå til utan våpen i det heile kan avdelinga gjennomføra visse viktige oppgåver:

- 1) rettleia folkemengda,
- 2) i ein lagleg augneblink kasta seg over ein ein-sleg politimann, ein kosakk (slik det har hendt i Moskva) eller dylikt for å avvæpna han,

3) fri ut arrestantar og berga dei såra når det er mange vakter,

4) kliva opp på tak eller i dei øvre høgdene i husa for å kasta stein på soldatane, tømja heitt vatn på dei osb.»²⁶⁾

Medan partisanavdelingar strir med det dei kan og våpna deira for det meste er infanterivåpen, er ein regulær hær utstyrt med eit innfløkt system av våpengreiner: Artilleri, fly, marine, tanks og så bortetter.

3. – Ein skilnad i taktikk.

I det store og heile vil dei grunnreglane som leier krigføringa med ein regulær hær, gjelda for partisan-krigen òg. Men å nytta desse prinsippa i partisankrigen er hovudspørsmålet og det som opptek oss mest. Lat oss sjå på dei fremste skilnadene mellom partisan-taktikk og regulær hærtaktikk.

a) – Ein regulær hær ser etter fienden kvar som helst for å øyda han i *open strid*. Ein regulær hær vil *slå til mot fienden på ein vanleg front for å ringa han inn* og gjera kort prosess med han *same kvar han er*, om han er i sitt eige område eller i fiendeland. Partisankrigen har særlaget av folkeleg nasjonal motstand, endå om sjølve partisankrigen vert ført i hovudsak med stormoperasjonar i det eigne landet. *Partisanhæren freistar å sleppa frontalstrid med fienden, og alltid råka han i flankane eller i baktroppen.*

Medan taktikken i ein regulær hær set eit mål som har beinveges samanheng med det strategiske (hovud-)

²⁶⁾ — Lenin. Samla verk, VIII, s. 327—330, tredje russiske utg.

målet, set partisantaktikken opp eit *lausleg* mål som har omveges samanheng med hovudmålet. Desse måla når ein i dei fleste høve ikkje ved frontalåtak, men ved uventa åtak, snøgge, lynsnare der og når fienden minst ventar det, der tilhøva er laglege for partisanane og ulaglege for fienden. I vanleg strid sopar den regulære hæren bort fienden og *reinskar* området slik at ingen hindringar står att. Partisankrigen er samannøvd med heile operasjonsfeltet ått fienden ved å sabotera og bryta sambandslinene hans, gjera åtak på isolerte fiendesamlingar, garnisonar, ved å herja lagera hans. Med andre ord, partisantaktikken tek sikte på å valda tap for fienden samanhengande i mange retningar, å gjera situasjonen utrygg for fienden til alle tider for å tvinga han til å halda store styrkar fastspikra til den indre fronten. Meininga er å fylla fienden med fælske og gjera det uråd for han å kontrollera situasjonen, og så føra krigen vidare når fienden er forvildra, har mist kontrollen over situasjonen, og frigjera heile område og distrikt, reisa heile folket og frigjera heile landet.

Slik stilte til dømes øvstkommanderande Stalin oppgåvene for Den raude hæren og sovjetpartisanane 1. mai 1943:

«Den raude hæren som heilskap må tryggja og føra vidare det me har utretta i vintertrefningane. Dei må ikkje vika ein tomme land til fienden og vera budde på den avgjerande striden mot dei tyske fascistiske inntrengjarane. I forsvar må dei syna seg ubøyande og tolsame slik det er vanleg for dei som slæst i hæren vår. I åtak må dei vera faste og syna det fullkomne samarbeidet mellom dei ymse

våpengreinene, dei vågsame manøvrane på slagmarka som endar med å ringa inn fienden og tyna han.

Partisanane må gje fienden harde slag bak linene hans, mot sambandslinene hans, mot stabane og tilhaldsstadene hans, dei må øydeleggja alle fiendesamband. Dei må mobilisera dei breie sovjetiske folkemassane der landet er hærsett av fienden til aktiv frigjeringskrig. På denne måten kan dei berga sovjetborgarar frå å verta tvangssende som fangar til Tyskland, og frå å verta utrydja av Hitler-udyra. Dei må ta nådelaus hemn for blodet og tårene åt borna våre, mødrene og fedrane våre, åt brørne og systrene våre. Dei må kasta inn alle krefter for å hjelpa Den raude hæren i krigen mot dei fælslege Hitler-undertrykkjarane»²⁷⁾).

Difor, når me deler oppgåvene mellom den regulære hæren og partisanhæren kjem *hovudrolla* til å veksa fram for den regulære hæren, for berre han kan ringa inn og gjera kort prosess med fienden, medan partisanane har ei *hjelperolle*. Dette vil ikkje seia at ein partisanhær ikkje kan fri landet frå ein inntrengjar, men rett og slett at han ikkje har den skipnaden, dei våpna eller krafta til å koma i open strid med ein regulær fiendehær og gjera kort prosess med han. *Det må ein regulær hær til for å tyna ein regulær hær.* Ein partisanhær *kan* til sist utvikla seg til ein regulær hær. Det er viktig at det finst ei tilstemne til ei slik omskaping.

27) – Ordre nr. 195 frå øvstkommanderande Stalin til Den raude hæren, dagsett 1. mai. 1943.

b) – Meir enn hjå partisanhæren byggjer taktikken i ein regulær hær på *tal* (i menn og utrustning) for å nå eit visst mål. Partisantaktikken byggjer ikkje så mykje på *tal*, men i hovudsak på å koma uventa, manøvrera snøgt, på pågangsmot og tiltaksevne. Dette er slikt som veg opp at fienden har overtaket i *tal* og utstyr.

Slik me har sagt ovanfor, er det å koma uventa eit kjernepunkt for partisanhæren. Sidan partisanoperasjonar er einskild-operasjonar, er det alltid råd å koma uventa og ofte er det avgjerande for resultatet av lokale militære operasjonar. Men for ein regulær hær er det ikkje aller viktigast å koma uventa, det avgjer ikkje om ein skal ha framgang. Dette synte røynslene i andre verdskrigen, det uventa er eit taktisk spørsmål som kan vera viktig for ei stund. Til større stridsstyrkane er, til meir klår og grei fronten er (på sletter til dømes) til mindre får det å seia at ein kjem uventa. Tyskarane såg på det uventa som ei avgjerande side for framgangen i «lynkrigen» sin. Dei meinte det uventa var ein reservestyrke for dei. Kamerat Stalin sa til dømes dette i ordre nr. 55 til Den raude hæren 23. februar 1942:

«No har ikkje tyskarane lenger det overtaket dei fekk den fyrste krigsmånaden som ei fylgje av at det ville svikaråtalet kom uventa. No er vekta av at dei kom brått og uventa borte, dette som tente som ein reserve for dei tyske fascisttroppane. Såleis er dei ulike stridsvilkåra som det uventa tyske fasciståtalet skapte, fjerna. No vil krigslukka ikkje verta avgjort av slike stuttvarige saker som det å

koma uventa, men av desse varige faktorane: Stabiliteten i dei bakre linene, moralen i hæren, tal og kvalitet på divisjonar, utstyret og våpna i hæren, og kor dugande kommandokadrane er til å organisera. I tillegg må ein peika på at så snart momentet med det uventa er gjort til inkjes i det tyske arsenalet, er vanlagnaden viss for den tyske hæren.»²⁸⁾

Men vil dette seia at det ikkje har noko interesse i det heile for ein regulær hær å koma uventa? Slett ikkje. Det uventa vil til alle tider vera eit taktisk element. Det treng ikkje vera avgjerande for operasjonar som er breidt strategiske, men i taktiske operasjonar har det mykje å seia, særleg i fjellområde og endå meir i partisankrig.

Må forklara ovanfor kor viktig manøvreringsprinsippet er for partisanhæren. Dette prinsippet er svært viktig for den regulære hæren òg. Dette seier til dømes aksjonsvedtektene for det sovjetiske infanteriet: «Moderne militæroperasjonar har ein særskilt slags manøvrar. Dette krev at sjefar i alle gradar kan omgruppere snøgt framfor striden, eller medan han står på. Dette skal gjerast for å organisera og gjennomføra manøvrar med flanke-åtak, for å omringe, ta fangar eller tyna fiendeopphopingar.»

Kva ligg skilnaden i mellom partisanhæren og den regulære når det gjeld å nytta manøverprinsippet?

I partisankrig vert manøveren gjennomført i dei fleste høve etter tiltak frå dei lågare kommandoane.

²⁸⁾ — Stalin, Om den store sovjetiske fedrelandskrigen, s. 43–44, russisk utgåve, Moskva 1946.

Det kan til dømes henda at ein bataljon som er i strid med fienden vert slegen av sterkare styrkar. Då dreg bataljonen seg attende etter eige hovud, utan å venta på ordrar ovenfrå. På eige initiativ kan denne partisanbataljonen for ei tid flytta seg bort frå sitt eige operasjonsområde til eit som tilhøyrrer ein annan *Di-for får manøvrering ei mykje breiare meining i partisankrig*. For partisanavdelingar er heile landet ein samanhangande krigsskodeplass der dei kan manøvrera etter eigne tiltak unnateke når kommandoen sender ut «faste» ordrar.

I ein regulær hær er manøvreringa av eit meir *disiplinert slag*. I ein regulær krig kan ein ikkje manøvrera som i ein partisankrig. Kvar einaste avdeling der har sin eigen klårt avgrensa sektor. Der kan ein ikkje ta manøvrering til hjelp anna enn etter ordre frå kommandoen, og initiativet må aldri vera i strid med *samarbeidet med andre og det målet kommandoen har sett*.

Partisanane strir i mindre grupper og einingar enn dei som finst i ein regulær hær, og desse partisan-einingane er usårlege og treng ikkje verta sett av fienden. Partisanane rotar til for fienden med dei mange gruppene som kan røra seg i mange retningar, og dei har betre høve til å finna det veikaste punktet hjå fienden og den mest høvelege tida enn dei ville ha hatt om dei gikk til åtak i lag på same tid og stad. Partisantroppane må nyttast på slik vi at dei *alltid har initiativet* i eigne hender.

c) – Partisantaktikken lærer oss korleis me kan få føremun av omgjevnaden og driva fienden inn i lite høveleg lende der manøvreringa deira er til lita nytte. Sidan ein regulær hær opererer med større einingar

kan dei ikkje gjera så god bruk av omgjevnaden utan å setja alt dei har i rørsle. Ved å utnytta omgjevnaden betre tvingar partisanhæren fienden til å slåst i ulagleg lende der han ikkje kan nytta alle hjelpeå-dene sine.

d) – Ein regulær hær har alle dei *moderne hjelpe-rådene* til rådvelde medan partisanhæren berre har *infanteriutstyr*, og ikkje alt av dette heller. Partisanene lagar motvekt mot dette overtaket med visse andre subjektive og objektive tilhøve, til dømes: Den faste viljen, at dei har skyn for at krigen er av rettvist slag, stridshugen, evne dei har til å nytta omgjevnaden betre, manøvreringa, uventa åtak, initiativet, effektiviteten når dei gjev eld og dylikt. Med manøvreringa set partisanane mange av fiendevåpna ut or bruk ved å tvinga han til å slåst under ulaglege terrengtilhøve som hindrar han frå å nytta ut alle våpna sine på ein samordna måte.

Ein regulær hær lyt gjera bruk av *samordna eld* frå alle einingane, medan partisanhæren er avhengig av *kor god eldgjevinga er* (vissmon, styring og uventa eldgjeving).

Røynslene frå partisankrigen syner at avdelingane våre òg har kome til kort i sumt. Til dømes har skorten på samband vore slåande, og det same gjeld den formelle sida av partisandisiplinen. Avdelingane våre har gjerne vilja setja eldgjevingslina på dei høgaste åsryggane i staden for i dalbotnen, dei har alltid kjent mothug mot festningsverk. Den militære opplysnings-tenesta har vore veik. Det finst mange andre lyte som desse som det er vår plikt å analysa i alle detaljar og draga byggjade slutningar or.

IV. – NOKRE TANKAR OM MILITÆR- OPERASJONAR I ALBANIA I DET STORE OG HEILE

Etter frigjøringa vart hæren vår omskipa og retta inn på modernisering.

Så lenge det kapitalistiske systemet finst i Europa og i verda vil det finnast kjelde til konflikt og krig òg. Omskiftet i styrketilhøvet på den internasjonale stridsplassen då fascismen var slegen og utviklinga som fylgde sigeren over fascismen, tykkjest ikkje gje noko litande trygd for varig fred frå verdsreaksjonen. Utviklinga internasjonalt krev at dei demokratiske kreftene alltid er på utkik for å verja freden og demokratiet mot den vonde viljen hjå imperialistiske åtaksmenn. På Balkan gå no utviklinga slik: Utanlandske væpna imperialiststyrkar blandar seg inn for å halda det kongelege greske fascistregimet ved makta og for å nytta det for å truga freden på halvøya vår. Den kongelege greske fascisthæren provoserer oss systematisk i farvatna våre og på sørgrensa, og dei reaksjonære imperialistmaktene kjenner eit agg mot det demokratiske styret vårt. Alt dette tvingar oss til å styrkja og modernisera hæren vår for at han skal duga til å løysa dei oppgåvene me legg på han: Å verja det me har vunne i den nasjonale frigjeringskrigen, det nasjonale sjølvstendet, fred og demokrati.

I tida frå frigjeringa til no har Nasjonalhæren gjort framgang i modernisering når det gjeld skipnad, øving,

kaderopplæring, utstyr og så bortetter. Likevel har hæren vår framleis ein lang veg å gå for å styrkja og modernisera seg.

Her skal me leggja vinn på å få fram visse tankar om militæroperasjonar i det store og heile, og på eit slikt operasjonsområde som fjellandet vårt er, for seinare å sjå kva fjellendet får å seia for hærskipnaden, væpninga, taktikken, treninga og forsyningane til hæren. Me seier straks at emnet me skal drøfta ikkje kan reknast som endeleg og klårt avgrensa, men det kan tena som diskusjonsgrunnlag slik at me kan draga lærerike slutningar seinare.

A. Særdrag ved det albanske landet.

Som ein balkansk hamn ved Adriahavet har Albania stadig vore i skjeringspunktet for motstridande interesser hjå imperium og imperialistar til alle tider. Frå Trieste til Karaburun liknar austre adria-stranda eit loddbeint bolverk av kantete steinar som formar ei alvorleg naturleg sperre for alle som kunne ynskja å overfalla Balkan frå Adriahavet. Men ifrå Ulqin til Vlora er denne naturlege balkanske forsvarsveggen broten og bylgjene jamnar sandstranda på den største delen av denne sektoren flatt med sletta som strekkjer seg opp til femti kilometer inn i landet. Buktene ved Shengjini, Durrës, Vlora og Saranda er hamnene for landet vårt. Herifrå går hovudvegane til det indre Albania gjennom grøderike marker, dei stig litt etter litt over åsar og fjell, langs med elvestryk og gjennom skard som tek pusten frå deg med fjellformene sine, like til dei fjernaste delane av landet. Slettene som strekkjer seg ut i innlandet skifter til myrar om vinteren når det regnar mykje og vatnet i dei bratte elvane

fløymer over. Men om sumaren er desse slettene, 15–20 prosent av landvidda, eit høveleg område der motoriserte fiendeavdelingar kan gjera taktiske manøvrar om dei kom i land. Og om dei greidde koma seg i land utan å verta tynte på staden kunne dei truga dei viktigaste byane våre, Tirana, Vlora, Fieri, Berati, Elbasan, Shkodra.

Attåt kystområda som er flate og delvis skogkledde, er dei andre områda i Albania fjelland der mest helvta er dekt med skog. Storparten av Albania har eit ujamt og innfløkt relieff. Det er fjell som vanlegvis har vanskelege profilar, fjellrekkjer som i regelen strekkjer seg frå nord til sør, men her og der vik av og går på tvers, og einstaka fjell som står fram som naturlege feste over elvelægjet som flyt på begge sider. Åsane som ligg framfor og mellom fjellrekkjene er som regel kledde med høge tre som står spreidde med tette kjørr, medan fjellsidene er delvis skogkledde opp til 2 000 meter over havet. Høgare oppe er fjella berre. Om vinteren ligg det snø på fjella. Fem stupbratte elvar fossar ned fjellglyvrene, og om sumaren kan ein vada dei, men sumtid er det vanskeleg. Om vinteren derimot veks dei av snø som tiner og av regnet, og då kan dei ikkje vadast. Desse elvane skjer gjennom Albania frå aust og søraust til kysten.

Fjella våre har alltid vore eldgamle våpenbrør for folket vårt. I hundreår har dei tent som byggjande stabile krefter i motstanden det fåtalige folket vårt har ytt mot nesten samanhangande overfall frå framande. I den nasjonale frigjeringskrigen vart fjella utakande vern for partisanane.

Sambandslinene våre rekk ikkje til for militærope-

rasjonar i regulær krigføring. Vegane våre går meir etter lendet enn etter taktikken. Dei tillet ikkje snøgg manøvrering parallelt med sørgrensa vår, men dei går mest i rett vinkel på sørgrensa. Mellom desse vegane ligg store opne operasjonsvidder der heile divisjonar kan operera.

Når me tek omsyn til lendet og korleis landskapet er, kan me seia at størparten av landet vårt er fjellendt og skogkledd, med vegar som ikkje rekk til. Ein liten del av landet, kystområda, er sletter, som lett kan ver- ta den mest sårnæme sida dersom fienden skulle gå i land.

B. Verknaden særdraga i fjellendet har på hærskipnaden, væpninga, taktikken og øvingane i hæren.

Når me tek omsyn til korleis omgjevnadene våre er, slik med har forklart ovanfor, lyt me sjå etter kva det får å seia for hærskipnaden, væpninga og utstyret, taktikken og øvingane i Nasjonalhæren. Me må gjera vis med at her kan me ikkje gje klåre og greie grenser, men me skal leggja vinn på å gje eit meir eller mindre objektivt bilete.

1. – Korleis omgjevnaden verkar på hærskipnad og utstyr.

Under den nasjonale frigjeringskrigen hadde hæren vår ein enkelt partisan-skipnad som utvikla seg litt etter litt. Ved slutten av krigen hadde me taktiske operative einingar som divisjonar og hærkorps. Men desse einingane var nær hundre prosent infanteri. Frå då til no (1. april 1947. Red.) har hæren vår gått gjennom store omskifte når det gjeld skipnaden. No

har me ein mangesida hærskipnad, og hæren er samansett ikkje berre av infanteri, men òg med andre våpengreiner. For å avgjera kva særmerke hærskipnaden vår må ha, må me ta omsyn både til røynslene frå sovjethæren og frå vår eigen nasjonale frigjeringskrig. Tufta på desse røynslene, kva særmerke skal hærskipnaden vår ha?

a) – *Einingane, avdelingane og underavdelingane må ha sjølvstyre.* I det store og heile gjennomfører ein ikkje åtaks- og forsvarsaksjonar på same viset i fjella og på slettene. Landskapet i fjella kløyver fronten opp mange stader slik at han går i ulike leier. Det særskilte ved åtaksoperasjonar er at avdelingar arbeider uavhengig i ulike retningar mot eit sams mål eller fleire mål. Styrkane i desse avdelingane har ikkje alltid kontakt med einannan, sjølve lendet tvinger dei til å handla skilde frå kvarandre. Operasjonane åt dei ulike kolonnene som går laus på same målet er samordna gjennom den militære staben som styrer kolonnene og av det målet dei skal nå saman, men ikkje beinveges mellom kolonnene. I fjella er åtaksoperasjonane organiserte i ein brei front som vender seg i *fleire leier*, og vert gjennomførte med at fleire kolonner går til åtak i eit brått overfall i fleire retningar, som endar med at dei tek eitt eller fleire mål.

Men i fjella skulle ikkje sjølvstyret gjelda berre divisjonane, dei taktiske operative einingane. Regimenta (brigadane) og bataljonane som er taktiske einingar må ha sjølvstyre, og endå til kompania, for dei kan òg løysa mindre taktiske oppgåver når dei kan få tilført meir mannskap. Trongen for sjølvstyre i fjellområda syner seg òg i forsvarsoperasjonar. Forsvar i

fjella kan ikkje ordnast på same viset som på slettene. På slettene er forsvarssektoren skipa i eit samanhengande system av skyttargraver. I fjella er forsvarsprinsippet ulikt. Forsvaret spreier seg på ein breiare front enn på slettene, tufta på eit system av støepunkt som troppar og kompani byggjer og forsvarsområde med bataljonar til mannskap. Mellom forsvarsområda er det kanhenda berre samband når det gjeld eldgjevinga, og ikkje dét ein gong når eit naturleg verna fjelling ingen kan ta stig opp mellom dei. I fjellforsvaret kan det falla på eit kompani å verja eit skard eller ein topp, ein hjell eller ein sti åleine, men dét kan falla på ein tropp og endå til på eit lag òg. Ut frå dette stig trongen for ei betre taktisk samansetjing av fjellaget enn det som trengst for eit vanleg lag på slettene. Til dømes vil eit lag på 6–7 personar væpna med eit lett maskingevær og rifler vera nok til å setja i gang eit åtak eller halda seg på line med troppen på slettene, medan laget ikkje alltid opererer i same lina som troppen i fjella. I fjellet må eit lag som verjer eit skard eller går til åtak på ein maskingeværstilling ha rikeleg eldkraft. Slik får ein bruk for enten å auka mannskapet i dei småe underavdelingane (lag og troppar) eller styrkja dei tilsvarande med å skipa dei i blanda underavdelingar (med ymse element som kan greia med maskingevær, automatvåpen og dylikt) til operasjonen er gjennomført.

Men er det berre mannskapsstyrken som avgjer om ei avdeling kan vera sjølvstyrt? Mannskapsstyrken er sjølv sagt viktig, men ikkje avgjerande for kva sjølvstyre ei avdeling har. Talet på folk er viktig når ein skal setja i hop eit lag, ein tropp eller eit kompani. Men avdelingar som bataljonar og andre må vera

skipa slik at dei maktar å oppfylle pliktene dei vert tildelte med det mannskapet og utstyret dei rår over. For å få sjølvstyre treng ikkje ei avdeling i og for seg få meir mannskap. Ho kan oppnå sjølvstyre endå til utan at mannskapsstyrken aukar berre ho får nye tilførsler av utrustning frå kommandoen ho tilhøyrer.

Ei avdeling kan ha sjølvstyre berre når:

a) ho har raust med levande styrkar og eldkraft til å oppfylle pliktene ho er pålagd,

b) ho rår over spesialiserte underavdelingar og avdelingar som trengst til å løysa eit militært problem,

c) ho sjølv kan rå over forsyningar med eigne hjelperåder,

d) ho kan røra seg fritt med utstyr og forsyningar i all slags lende og vera snøgg til å flytta seg og manøvrera.

For å skjønna dette problemet er det eit kjernepunkt å peika ut oppgåvene som er lagt på einingane og avdelingane i fjellende, plikter som kan påleggjast særskilt under dei spesielle vilkåra i fjellterrenget vårt. Her kan pliktene for avdelingane delast ut såleis:

a) Eit hærkorps skal reknast som ei operativ og taktisk operativ eining,

b) Ein divisjon (stundom ein brigade eller regiment òg) kan reknast som ei taktisk operativ eining.

c) Eit regiment (brigade) og ein bataljon (stundom eit kompani òg) kan reknast som taktiske einingar,

d) Eit kompani og ein tropp kan reknast som taktiske grunneiningar.

Dei som treng sjølvstyre mest er underavdelingane og avdelingane, medrekna regimenta, som har opera-

sjonsfelta sine liggjande vekke frå sambandsrutene. I fjellområda bør divisjonane vera lettare og *reservane til overkommandoen sterkare enn på slettene*. Trongen divisjonane har for sjølvstyre kjem i strid med transportvanskane i fjellområda. Difor må ein undersøkja alle medverkande element om ein skal løysa dette problemet.

b) – *Einingar, avdelingar og underavdelingar må vera i stand til å manøvrera*. Slik me har peika på ovanfor må einingar og avdelingar vera i stand til å manøvrera snøgt og med eiga hjelp utanfor sambandslinene. Det vil seia at bataljonar, regiment og divisjonar (brigadar) må ha rikeleg med lett transportutstyr (vogner, kløvhestar, motorkøyretøy). Men korleis kan dette gjerast når heile divisjonar (brigadar) lyt operera i område som vantar bilvegar, slik det kan henda under våre tilhøve? I slike høve kan problemet ikkje løysast utan ved å forsyna einingane og avdelingane våre med det talet kløvdyr som trengst. Når krigen går føra seg i fjellet tel ikkje talet på kanoner så mykje, men forsyninga av ammunisjon. Om til dømes eitt regiment har to gonger så mange kanoner som eit anna kan det ha større eldkraft enn dette, så sant det har ein betre skipnad for å få ammunisjonen fram. *I operasjonsfelta i fjellet er forsyningar og transportordning overlag innfløkte problem*. I fjellområde som vantar motorisert transport får me i staden særskilde karavanar av hestar eller muldyr, og mannskap som er særskilt opplærde til føremålet, delvis òg fly. På hi sida må ein leggja planar på førehand for å leggja lager på laglege stader til å forsyna avdelingane når trongen er der.

Di mindre hæren er, di viktigare vert manøverings-elementet. Ein liten hær som har ein tenleg transport-skipnad kan auka den militære evna si slik at det mōnar. Dette krev at hæren ikkje berre er utstyrt med kløvdyr til fjellforsyning og taktisk manøvrering, men at han har særskilte motoriserte konvoier på vegar ein kan nå, slik at operative avdelingar kan flyttest snøgt frå ein sektor til ein annan.

c) – *Styrketilhøvet mellom ulike våpen.* Styrketilhøvet mellom våpen i fjellkrig er ikkje det same som på slettene. For å kunna avgjera det kvantitative styrketilhøvet mellom dei ymse våpna i hæren må ein ta konkret omsyn til kva utveg det finst til å bruka kvart einskilt våpen.

2. – Kva fjellendet får å seia for dei taktiske manipulasjonane med avdelingane og dei ymse våpna:

a) – *Bruken av infanteriet, og den rolla det spelar.* Føresegnene for infanteriet i sovjethæren ritar opp rolla infanteriet har såleis:

«Infanteriet løyser den grunnleggjande og vanskelegaste oppgåva av alle: Å tyna fienden med strid på nært hald. At infanteriet rykkjer fram utan å stussa i åtak, og ikkje gjev opp motstanden i forsvar er heilt avgjerande for slutten på krigen. Det er berre infanteriet som kan hærsetja og halda på hærteke land. Styrken i infanteriet er samansett av eldgjevinga, evna det har til å samordna elden med framrykking, og nærstriden. Det kan manøvrera og stri med framgang på all slag mark, til alle årstider og tider på dagen, same korleis veret er.»

Jamført med andre våpengreiner vert rolla for infanteriet større i fjellkrig enn på slettene.

Det finst ingen flekk på marka der infanteriet ikkje kan gå. Ingen hindringar kan gjera det uråd for infanteriet å operera militært.

Suvorov har sagt: *«Der råbukken går, går den russiske soldaten òg, og der råbukken ikkje kan gå, går den russiske soldaten like godt.»*

I fjellområda er det infanteriet som avgjer krigslukka. Våpna det har er rifle, handgranat, bajonett, lette og tunge maskingevær, automatrifle, K.T. våpen og morter. Pliktene som er lagde på infanteriet er alltid hardare enn dei som er lagde på noko anna våpengrein. Når det er mest om å gjera, når lagnaden i striden skal avgjerast, er det så å seia berre infanteriet som opererer berre på grunnlag av eigen styrke og eigne våpen. Dette er stunda då infanteriet nærmar seg fienden som er nokre titals meter borte og skal til å byksa på skyttargravene hjå fienden og *opna eld* med handgranatar. Til dess dei er på handgranathald kan både artilleri og fly hjelpa infanteriet med granatar og bomber mot menneskap og skyts hjå fienden. Men når det er mest om å gjera, når infanteriet kjem på nært hald på fienden og går til åtak, då må det lita berre på eigen styrke, så godt som, og bruka handgranatar og bajonetter. *Infanteriet gjennomfører overfallet slik ingen andre våpen kan gjera det.* I fjellkrig er striden vanlegvis avslutta berre med denne samanstøyten (bajonett og handgranat), medan trefningen ikkje alltid er avgjerande på slettene. Det vil seia at den kvassaste striden er viktigare i fjellet enn på slettene.

Og me ser på infanteriprosenten av heile menneska-

pet i ein stridsdivisjon i sovjethæren i 1943, ser me at han når opp til 63. Av dette talet kan me klårt sjå kor viktig infanteriet har vore i sovjethæren. Denne prosenten har berre å gjera med samansetjinga av divisjonen åleine, for om me ser på heile hæren er prosentdelen mindre. Likevel skal me ikkje overvurdere infanteriet og tru at hine stridskreftene er lite tess. Dei andre væpna styrkane, artilleriet, flyvåpenet, tanks, ingeniørvåpenet og andre er grunnlaget for at infanteriet skal ha framgang i moderne krigføring. Å undervurdere rolla dei andre hjelpestyrkane har ville vera å gå attlenges og mislukkast i å modernisera hæren, det vil seia å halda på ein lite utvikla hærskipnad.

Men i krigen på slettene så vel som i fjella er *mennesket den avgjerande faktoren* for krigslukka, same korleis væpninga utviklar seg. Ein liten hær kan slå ein større fiendehær (som har overtaket i mengde og utrusting) om han fører ein *rettvis krig*. Då må det menneskelege elementet, folka som er der, vera *politisk opplyste* om at krigen dei fører er av rettvist slag. Dei må vera *sameinte i ein styrke* og ha *avgjort endelig* å lata sin siste blodsdråpe for å få siger, og dei må vera *godt øvde* til å møte motgangen i striden. På slagmarka kan *mennesket* koma i staden for *våpenet*, men *våpenet* kan aldri få den *menneskelege* rolla heilt bort. Utan mennesket er våpenet ingen ting anna enn eit daudt jernstykke, livlaust og makteslaust.

b) – *Artilleriet*. I moderne krig har kamerat Stalin skildra artilleriet som «den viktigaste åtakskrafta i Den raude hæren». Både på slettene og i fjella krev moderne krigføring at ein brukar artilleri som ei kraft. I åtak opnar og rydjar det vegen for infanteriet og for

tanks. I forsvar meinkar det framrykkinga for fienden og vernar forsvarsstyrkane. Kamerate Stalin karakteriserte artilleriet som «krigsguden». Korkje på slettene eller i fjella kan ein gjennomføra offensive eller defensive operasjonar utan artilleri.

Når krigskodeplassen ligg i fjellet, spelar artillerielden ei større rolle enn på slettene av fylgjande grunnar:

- I fjella har infanteriet ei vanskelegare oppgåve enn på slettene, og di vanskelegare oppgåva er for infanterist, di viktigare er artillerielden.

- I fjella er det vanskelegare å gje fienden mannskapstap eller tap i eldstyrke enn det er på slettene. Fylgjeleg vert artillerielden viktigare.

- Tanks kan i ein viss mon koma i staden for artillerield eller vera ei hjelp attåt. Sidan det er uråd å nytte tanks i fjellet, eller ein får nytta dei svært lite, må artilleriet koma i staden for tanks.

- Attåt er det uråd å manøvrera snøgt med artilleri i fjellet. Dette krev at ein aukar talet på kanonar for å vega opp denne bresten, og det krev skytemanøvrering (utskytingsmanøver) óg.

Grunnane ovenfor gjev eit klårt bilete av kor viktig artilleriet er under våre tilhøve. Attåt det eg har nemnt må me ta omsyn til at det trengst mykje artilleri til kystforsvar og til luftvernoperasjonar.

Artilleriet som vert drege til fjells må skipast som reservar for Overkommandoen, medan divisjonane (brigadane) og styrkane deira kan utstyrast med morterar. Dei kan nyttast i staden for artilleri, og er svært høvelege våpen i fjellet, saman med småkalibra artilleri som kan transporterast på kløvdyr like eins som haubitsar med mellomstort kaliber.

Eigenskapane ved prosjektilbanene gjer morterar og haubitsar til det mest laglege i fjellet. Antitankartilleri, feltkanonar (med prosjektil som går vassbeint) er brukte langs med hovudvegane og i dalar der fiendetanks kan koma. Difor skulle me leggja størst vekt på morterar og haubitsar når me utstyrer artilleriet, dei kan retta inn eldgjevinga mot kva mål som helst, synleg eller ute av syne.

Røynslene frå sovjethæren syner at åtaksoperasjonar i fjellområda berre kan lukkast om ein gjer full bruk av prinsippet med artilleriåtak. Det vil seia at dette prinsippet ikkje berre kan nyttast, men at det er eit kjernepunkt i fjellkrig. Sjølvsaft er det visse særdrag ved å bruka dette prinsippet i fjellet samanlikna med slettene. Etter røynslene i sovjethæren har det teke frå 40 minuttar til 2 timar å gjera artilleriet klart i fjellområda ved Svartehavet, i nordre Kaukasus.

Slik det er peika på ovanfor, er det viktigare å ha færre kanonar i fjellet og forsyne dei regelbundne med ammunisjon enn å ha eit stort tal kanonar og ikkje vera i stand til å forsyne dei med ammunisjon. Kvart einaste våpen av alle kaliber i fjellområda må vera aktive og ikkje verta gjorde til død kapitel fordi det skortar på ammunisjon. Dei sovjetiske føresegnene lærer oss: «Når det vert smått med ammunisjon må det ikkje minka skytinga, men kvar granat må brukast fullgodt.»

Kadrane våre må skjønna den rolla artilleriet spelar i moderne krig, og dei må skjønna plikta dei har til å stø og styrkja artilleriet for å gjera det til eit mektig våpen som kan makta alle vanskar.

Det som er sagt ovanfor kunne gje opphav til at rolla artilleriet spelar vart mistydd og rengt. Ein kunne til dømes tenkja at sidan artilleriet er så viktig i fjellkrig må det vera fleire kanonar i hæren på fjellet enn det er i hæren som opererer på slettene. Men me må hugsa at militære operasjonar i fjellområda vert gjennomførte i visse retningar, og ikkje jamt over heile fronten. Fylgjeleg er artilleriet brukt fyrst og fremst i desse retningane, såleis langs med hovudvegar, i skard, i dalar, og så bortetter. Dessutan må me hugsa at morterar kjem i staden for ein god del av fjellartilleriet. Fylgjeleg trengst færre artillerieiningar etter lengda på fronten i fjellet enn på slettene. Kor fullgod konsentrasjon av elden forsvarsartilleriet har vil avgjera forsvaret av dalar og vegar i hovudsak. På same vis kan me seia det er avgjerande for framgangen i åtakoperasjonar for å ta vegar og skard kor tenleg artilleriet er.

c) – *Flyvåpen*. For å skjønna kva rolle flyvåpenet spelar i fjellkrig kan me herma det generalmajor Biazzi seier. Han er ein av dei mest kunnige generalane i sovjethæren når det gjeld strid i skogkledd fjell:

«Flyoperasjonane er uavhengige av landskapet og av naturlege hindringar på marka. Fylgjeleg er det ei våpengrein som kan bøta på den største bresten i fjellkrigen, det at stridsoperasjonane går så seint. Flya kan gjennomføra speiding, samband, yta hjelp til å leia den militære styringa med hæren, delvis koma i staden for og i tillegg til artilleriet, tanksane og tunge maskingevær. Dei kan vera luftvern for bakkeoperasjonane, gjera all slags fjelltransport i

staden for andre hjelperåder, og dei kan løysa innfløkte militære oppgåver på sjølvstendig måte. Flyet er den viktigaste hjelperåda, og i visse høve den einaste, til å tryggja ein snøgg gang i åtaksoveraksjonar på skogkledde slagmarker.»

Om me tek omsyn til særlaget i dei fjellområda som kan verta krigsskodesplass vert flya endå viktigare. Det finst inga skikkeleg samferdsle, og landskapet er særst innfløkt. Dessutan spelar flyet ei stor rolle i forsvar òg. Det kan forsvare kysten vår saman med og i staden for stjøstridskreftene, og det kan sopa vekk fiendekonsentrasjonar og fiendesamband. Det kan gjera sambandsteneste og transportteneste og så bortetter.

Ein stor del av den tunge landteknikken (artilleri og tanks) kan ikkje alltid koma infanteriet til hjelp i strid i fjellet, eller kan berre gje lite grann hjelp. Denne hjelpa vert difor ei sak for flyvåpenet. Flyvåpenet kan òg brukast til å transportera fallskjermssoldatar og til å forsyna avdelingar.

Hæren vår har ikkje flyvåpenavdelingar enno (1. april 1947. Red.), men det vil ikkje seia at me ikkje skulle organisera denne våpengreina i framtida. Ho kan finna eit operasjonsfelt i landområda våre som kanskje er like vidt som det artilleriet har.

d) – *Marinen*. Den mest utsette delen av landet vårt er kysten. Slik me peika på ovanfor er den albanske kysten den delen av austre adriastrendene der det er råd å koma til om nokon vil gå i land på Balkan frå vest. Eit lite land som vårt kan ikkje byggja ein stor marine. Men ein liten og snøgg flåte av småskip som samarbeider med kystartilleriet og flyvåpenet ville

vera den beste hjelperåda til å verna kysten vår. På dette omkvervet kan me seia me er ved byrjinga (1. april 1947. Red.) Me lyt tenkja på kva som trengst på dette omkvervet òg.

e) – *Tanks*. Det er lite ein får nytta tanks i fjell-områda. Vanlegvis kan det ikkje vera bruk for tanks i eit land der denne våpengreina ikkje kan manøvrera anna enn langs med hovudvegar og i dalane. Tanks kan ikkje ferdast der bakken stig meir enn 35°. Likevel kan tanks brukast i dalane og på slettene mellom fjella, slik som Korça- og Dropulli-slettene. Dessutan, om me ser på det at slettene ligg langs strendene der ein kan gå i land, må me seia at tanks og sjølvgåande artilleri har ei stor framtid i landet. *Over alt der fienden kan bruka tanks mot oss, kan me bruka tanks mot han òg*. Det vil ikkje seia det same som at tanksane våre skulle ha fiendetanksane til mål. Feltefforesegnene i sovjet hæren rår ikkje til å gå laus på fiendetanksane med eigne tanks, anna enn når det er klårt at me er sterkare enn fienden. Hovudoppgava for tanks er å tyna fiendeinfanteriet. Difor ville eit fiendeinfanteri på slettene ved Myzeqeja eller Dropulli eller Korça ikkje kunna rykkja fram, og lett verta utrydja om me brukte tanks i samarbeid med infanteri, artilleri og flyvåpen. Fiendetanksane ville på same tid verta slegne eller tynte om me brukte anti-tankartilleriet godt, det er sjølv dødsfienden deira, og ved eld frå tanks stasjonerte i området. Når tanksane hadde gjeve fienden store tap, kunne dei gå ifrå stillingane sine og setja i gang motåtak på fiendetanksane for å gjera kort prosess med dei, i samarbeid med alle dei andre væpna styrkane.

f) – *Ingeniørvåpenet*. Røynslene frå sovjethæren syner oss at ingeniørtroppane har mykje meir å seia i fjellkrig enn på slettene.

Ingeniøravdelingane i fjellområda er ein viktig faktor når det gjeld å auka farten i åtaksoperasjonane. I forvarsoperasjonar spelar ingeniøravdelingane ei munleg rolle ved å skada fienden og auka evna vår til å verja oss. Alle avdelingar opererer på sjølvstendig vis, og dei må styrkjast med ingeniørsoldatar.

Å opna vegar, å fjerna naturlege hinder og slike som fienden har bygt, å laga alle slag festningsverk, å skaffa vatn til soldatane og mange andre operasjonar veks fram for ingeniøravdelingane. Tilhøva i fjellet krev større strev av ingeniøravdelingane, og dei må skipast slik at dei er teknisk sterkare enn elles.

g) – *Samband*. I fjellkrig er sambandet alltid vanskelegare og meir innfløkt enn på slettene. Fylgjeleg må sambandsmidlane vera mange fleire. Ein av dei alvorlegaste brestane i partisankrigen har vore at det skorta på sambandsmidlar. Verre var det at sjefane for partisanavdelingane ikkje tok sambandet så nøye. Det hende til dømes at to brigadar opererte mindre enn nokre få kilometer frå kvarandre utan at kvar av dei visste kva den andre dreiv med. Det hende òg at det var peika ut for fåe kurerar. Å ha kurerar trudde ein ikkje var viktig, og gjekk ut ifrå at ein soldat var meir verd når han slost enn når han gjekk med bod. Fjell-landskapet vårt gjer *radioen til det viktigaste sambandsmidlet, medan telefonen har mindre for seg* sidan han krev meir kabel her enn på slettene. På den andre sida har bruken av mobile sambandsmiddel særskilt mykje å seia. Fly kan nyttast til dette føre-

målet mellom dei ymse høge kommandoane, medan ein kan hjelpe seg med biler og motorsyklar mellom andre avdelingar. Mellom underavdelingar kan kurerar til hest eller til fots nyttast. *Uavbrote samband mellom avdelingane og mellom kommandoane og avdelingane deira er eit absolutt vilkår for framgang i krigen.* Det er enno svært vanleg mellom oss å vyrja lite på sambandet. Dette tilviket må undertrykkjast. Sambandet må gjerast betre, det må gjerast fullcome, og i tillegg må me få optiske instrument, dei fyller ein viktig funksjon i fjellkrigen.

h) – *Hjelpetenester.* Når striden går under fjelltilhøve med mykje motburd trengst det ein litande og fullgod skipnad av alle dei ulike tenestene. Det gjeld intendantur, sanitet, transport, veterinærteneste og andre. Dette vart ikkje rekna viktig nok i partisankrigen, og vyrdløysa speglar seg i Nasjonalhæren den dag i dag (1. april 1947. Red.) Utan litande hjelpetenester, utan at alle hjelpetenestene er godt organiserte bak linene, kan striden ikkje lukkast. Kamerat Stalin rekner hjelpetenestene som ein faktor som har svært mykje å seia for framgangen i dei militære operasjonane.

Mange faktorar verkar beinveges på korleis tenestene bak linene skal skipast og arbeida. Nokre av dei er at folk bur spreidd, det finst ikkje samferdsle og ikkje nokon rikdom i bygdene, det vantar vatn og grunnleggjande tarvende. Lendet er vanskeleg og vertilhøva gjer sitt til liks med fjellstridstaktikken. Når det skortar på skikkeleg hjelpeteneste i skipnad og verkemåte bak linene, særleg intendantur og transport, fører det ikkje berre til at militæroperasjonar vert seinka i fjella, men lamar dei ofte fullstendig.

Enno har me ikkje skipa noka særteneste mot kjemisk krigføring (1. april 1947. Red.) Denne tenesta har mykje å seia i moderne krigføring, difor kan me ikkje oversjå ho.

Til slutt må me seia at å få skipa ei *militær melde-teneste* er viktig for kva lagnad dei militære operasjonane skal få. Utan opplysningar vert ikkje dei militære operasjonane klåre, og me har ingen garanti for å lukkast. For å slå fienden må du kjenna nøye kva stilling han er i, kvar han held til og korleis han har stilt opp styrkane sine. Du må kjenna stridsevna deira og kva fienden har tenkt å gjera. Dette har særskilt mykje å seia når krigsskodeplassen ligg til fjells. Om du veit plent kva fiendestyrkane har tenkt på og planlagt, har du vunne halve striden, og den andre halvta kan du vinna med velordna militæroperasjonar på vår side. Difor må ein leggja særskilt vekt på korleis meldetenesta vår skal gå fram for å få opplysningar innanfrå om kvar fienden held til.

På slagmarka må me dessutan leggja særskilt vekt på å få *med oss dei såra og gravleggja dei daude*. Ingen av dei daude må overlatast til sin eigen lagnad. Kvar einaste soldat, underoffiser og offiser i hæren skal kjenna seg heilt visse på at om dei vert såra eller drepne, vil kameratane *aldri overlata dei til fienden så han får gjera som han vil*. Omsuta for dei såra og dei drepne, å *aldri* lata dei falla i fiendehender, må verta ein ufråvikeleg regel og ei heilag plikt for hæren vår.

Etter alt som er sagt: For å modernisera Nasjonalhæren slik at han kan vera i stand til å stri under tilhøva me har her i landet, at han kan greia seg i ein regulær og innfløkt krig slik det moderne militære

handverket krev lyt hæren vera godt organisert for å stetta trongen ein slik krig reiser. Det vil seia at han må ha alle dei våpna og fagkunnskapane som trengst for at han skal greia å løysa alle dei oppgåvene han kan verta pålagd.

Hærskipnaden må vera slik at me kan svara på alle tilhøve og alle krav. Det krev eit rett og utstudert tilhøve mellom dei ulike våpna og teknikkane som trengst, og at det vert øvd opp kadrar til å meistra den moderne militærteknikken. Til dessar (1. april 1974, red.) har dette problemet ikkje vore drøfta på skikkeleg vitskapleg grunnlag slik den moderne militærkunsten krev. I dette stykket lyt me i fyrste rekkje stø oss på røynslene i sovjethæren, og samstundes på røynslene frå vår eigen nasjonale frigjeringskrig når me skal skipa hæren vår på moderne vis.

Å byggja på røynslene med den sovjetiske hærskipnaden vil ikkje seia at me skal kopiera organisasjonsstrukturen i sovjethæren. Å dra nytte av desse røynslene vil seia å studera dei grundig, ikkje å herma etter dei på mekanisk vis. Det vil seia å gjera seg nytte av dei og bruka dei i samsvar med det som trengst og dei tilhøva som rår i landet. Skal dette skjønast som om røynslene frå sovjethæren er røynslene frå ein hær som berre har stridd på slettene? Alle som tolkar røynslene frå sovjethæren slik, alle som meiner dei berre høver for operasjonar på slettene og ikkje i fjellendet vårt, tek heilt feil. Sovjethæren er ikkje berre ein vinterhær for sletteland. Sovjethæren har lang røynsle i fjellkrig, han sit inne med ei heil lære i fjellkrig.

Den andre verdskrigen synte at sovjethæren er den best organiserte, den lengst utvikla og den sterkaste i

verda. Han slo fascisthæren ikkje berre vinters dag framfor Moskva, men òg om våren og sumaren, ikkje berre på dei store russiske slettene, men òg i det høgaste fjellandet i Kaukasus, i fjellet på Krim, i Karpattane, i Tsjekkoslovakia og på Balkan, på hamrane i Nord-Noreg, på dei nakne høgdene i Det fjerne aust. *Dei viktigaste røynslene hans er av allmengyldig slag, og gjer god nytte for seg under alle tilhøve.*

Å draga nytte av partisanrøynslene frå den nasjonale frigjeringskrigen vil på ingen måte seia at me skal apa etter desse røynslene under dei tilhøva me finn i moderne krig. Å studera røynslene frå den nasjonale frigjeringskrigen vil seia å studera dei grundig, på vitskapleg måte. Me skal ikkje kopiera dei, men utvikla dei slik at dei høver med dei konkrete vilkåra i ein regulær krig. I denne utgreiinga har me analysert i stutt mål hovuddraga i røynslene frå den nasjonale frigjeringskrigen, og me såg hovudprinsippa som styrte denne krigen. Desse prinsippa må ikkje berre godtakast, men meistrast godt, og utviklast vidare slik at dei høver med regulær krigføring. For å studera og meistra røynslene frå sovjethæren og dei frå den nasjonale frigjeringskrigen lyt kadrane våre meistra den marxist-leninistiske vitskapen, dialektisk materialisme. Han gjer oss i stand til å få den rette rettleiinga i alle omstende, til å finna den rettaste løysinga på kvart einaste militære problem same kor innfløkt det er, og å få overtaket på fienden og sigra over han. Dette gjer at me treng læra opp kadrane *ideologisk og politisk*.

Både røynslene frå sovjethæren og dei me har ifrå den nasjonale frigjeringskrigen har ein sams grunnvoll i innhaldet, endå dei kan sjå ulike ut i form: Denne

grunnvollen er den marxist-leninistiske vitskapen. På det grunnlaget var militærkunsten i sovjet hæren og vår eigen nasjonal frigjeringskrig organisert og difor sigra han.

3. – Kva fjellendet har å seia for militærøvinga med troppane, og opplæringa av stabar.

1) – Fjellende, særleg skogkledd fjellende, krev store offer og mykje strev av kvar einaste soldat, same kva våpengrein han tilhøyrrer. Når vegar vantar og ein lyt opp og ned fjellsidene vert det stridare og seinare å flytta troppane enn på slettene. Eit stykke veg på slettene som kartet syner tilsvavar fem kilometer, kan infanteriet fara over på ein time endå til. Ein vassrett fråstand som på kartet måler fem kilometer i fjellende som vårt, krev ikkje ein time men to, og i sume høve endå til tre eller fleire, for at infanteriet skal gå han. Difor treng troppane våre særskilt trening som gjer soldaten *fysisk sterk* og gjev han ein *jernvilje* til å trassa alle tyngslene han kan møte når han strir i fjellende. Difor må fysisk trening hjå oss tilpassast til det som trengst i fjellkrig. Under våre tilhøve gjer til dømes dei kommandoane ein stor feil som tykkjer mest om å driva taktiske øvingar med troppane sine berre på flat mark. Dei taktiske øvingane for troppane våre må gjennomførast under dei konkrete tilhøva som krigen krev. Denne råda kan me få frå røynslene i sovjet hæren. Det hender stundom at ei avdeling gjer marsjøvingar på veg, og utstyret til soldatane ligg att etter dei på barakka eller i lægeret. Ei slik avdeling skulle ha øvd seg på fjellstigane, og ikkje på bilvegen. Dei må ikkje gå utan utstyr, men med alt utstyr dei har fått, og stadig gjera marsjmåten bet-

re med å gjera han vanskelegare steg for steg. Til dømes kan dei øva på stigar der det er tyngre å koma fram, med større vekt på ryggen, gå lengre vegar, i verre ver, om natta, når det regnar, i hundredagane og så bortetter. Soldaten må få øving slik røyndomen i striden kan vera. Troppen må øvast på dette viset.

2) – Røynsla har kunna syna at *nattoperasjonar* i fjellende og skogkledd fjellende gjev svært gode resultat om dei vert gjennomførte av troppar som er lærde opp i slikt. *I mange høve vil mest truleg nattoperasjonar vera det einaste viset å nå framgang.* Nattoperasjonane vert meir og meir viktige for stormtroppavdelingane våre til mindre voner me har om å få overtaket når det gjeld dei militærtekniske hjelperådene, eller til ringare me er stødde når det gjeld militær teknikk samanlikna med fienden. *Det er natta som fører med seg det uventa, særleg i fjellkrig.* Artilleri og flyvåpen kan ikkje brukast med så stor verknad om natta som om dagen. *Militæroperasjonar om natta har umåteleg mykje å seia under tilhøva hjå oss.* Dette har røynslene våre i den nasjonale frigjeringskrigen synt, og røynslene i sovjet hæren talar for det same. *Difor må troppane våre øvast i nattoperasjonar.* I øvingsprogrammet sitt reknar sovjet hæren med at opp til 20 prosent av dei taktiske øvingane skal gjerast om natta. I fylgje programutkastet Generalstabens vår har laga for 1947 skal 25 prosent av dei taktiske øvingane gjerast om natta. Men stabane lyt vita korleis dei skal gjera desse øvingane. Føremålet med nattøvingar er å øva avdelingane opp til å kunna slåst, gå til åtak eller verja seg når tilhøva ber i mot, slik som om natta. *Nattøvingar er ikkje noko ein berre grip til i fredstid, men i krigstid òg, og dei må gjen-*

nomførast i konkrete røynglege situasjonar slik ein verkeleg kan møte dei i striden. Sovjetisk militærlitteratur har dette å seia om fjellkrig:

«Ein må ikkje gje seg med å øva offiserskadrane i nattoperasjonar. Fyrst må ein velja ein stad bak linene som liknar den staden der striden til sist vil gå føre seg. Her må ein laga til ei mellombels slagmark med hinder og festningsverk som etterliknar dei som finst i det fiendelandet der ein skal gå til åtak om natta. Ein må fyrst ta til å øva om dagen slik at soldatane kan studera marka og leggja seg på minne alle småting som finst, og så kan ein ta til med nattøvinga.»

I fredstid òg må nattoperasjonane gjennomførast under tillaga krigstilhøve, men på ein meir konkret og røynleg måte, fyrst om dagen og så om natta i same området.

3) – Dei militære øvingane må gje både soldatar og stab i avdelinga pågangsmot. Men kvifor gje hæren pågangsmot og ikkje forsvarsvilje? Me gav litt av svaret på dette då me analyserte partisankrigen. Lat oss utvida det her. Å øva hæren og gje han pågangsmot vil ikkje seia å trenast han til å verta åtakslysten, for å hærsetja landa åt andre folk. Å gje hæren pågangsmot vil seia å sjå åtaket som den viktigaste av alle militære operasjonar. Føresegnene for krig i det sovjetiske infanteriet seier: «Åtaksstrid er den viktigaste operasjonen i Den raude hæren.»

Utan åtaksoperasjonar kan ein ikkje få framgang, og ikkje nå noko mål med striden, det vil seia, ingen fiende kan verta utrydja. Fienden kan ein gjera ende på berre om våpna støyter saman. Å skyta på fienden

skadar han, rørsle går ut på å få troppane dit dei vil koma i strid med fienden og gjera slutt på striden. Striden kan få ein ende berre gjennom å tyna fienden eller ta han til fange, og dette kan ein ikkje få til anna enn med åtak, ved å koma han på kloss hald. Men ikkje noko åtak kan setjast i gang utan at soldatane er utbudde med eit moralsk overtak og pågangsmot.

Difor må hæren få pågangsmot.

Åtaksoperasjonar i fjellende står langt høgare over forsvarsoperasjonar enn dei gjer på slettene. I 1857 då Friedrich Engels analyserte åtaks- og forsvarsoperasjonar på krigsskodeplassar i fjellet, kom han fram til:

«Det finst ingen skard og ingen av dei høgaste alpetoppene som ikkje kan omlægrast. Napoleon hadde dette ordstevet for fjellkrig: «Der ei geit kan koma seg gjennom kan ein mann òg, der ein mann kjem seg gjennom kan ein bataljon koma, der ein bataljon kjem fram kan eit hærkorps koma òg . . .» Det er det gode høvet til å omlægra fienden som gjer at ein kan ta sterkare stillingar endå til, stillingar det ville vera galneskap å freista ta med frontalåtak. Om fienden set i gang med å vakta alle vegane som fører til omlægring må han spreia styrkane sine, og det ville vera det same som at han var viss på å tapa straks. Det beste dei kan gjera er å halda auga med vegane. Forsvaret deira står og fell med kor klokt dei kan bruka reservane sine for å meinka fienden når han vil manøvrera for å ringa dei inn, og på kor dugande og kvikke sjefane for dei småe einingane er. Men endå til dette strekk ikkje til. Om berre ei enaste av dei tre eller fire

kolonnene som held på med innringingsmanøveren har lukka med seg, er stoda vorte like farleg for forsvarsstyrkane som om alle kolonnene hadde lukkast. Difor står åtaket strategisk sett over forsvaret i fjellkrig. Det same kan seiast om me ser problemet på reint taktisk vis.»

Er dette som Engels kom fram til slik å skjøna at forsvarskrig er verdlaus i fjellet og at eit fjell-land som vårt ikkje kan forsvarast? Dette seier Engels på ingen måte. Når han tel til at åtak er betre enn forsvar meiner han at *forsvaret, som er eit kjernepunkt i krig i det store og heile, skal gjerast på dynamisk vis, i form av oppattekne korte og snøgge motåtak for å førebu eit åtak over heile lina så snart høvet byr seg*. I same artikkelen kjem han til når det gjeld forsvarskrig i fjella:

«Forsvaret må ikkje alltid vera passivt. Det lyt gjera seg tenleg gjennom rørsle, og gå over til åtak så ofte som høvet er der. Det er stridt å gå i kamp i alpine område. Heile felttoget er sett saman av oppattekne småoperasjonar, freistnader åtaksstyrkane gjer på å køyra ein kile inn på eit eller anna punkt i fiendestillingane for å arbeida seg vidare fram. Begge partar er tvinga til å barka i hop med spreidde styrkar. Begge lyt utsetja seg for uventa åtak frå motstandaren, begge kan verta tekne uventande og lyt kjenna seg utrygge. Såleis er den einaste føremunen forsvarshæren har å sjå etter det veikaste punktet hjå fienden og gå til åtak i opningane mellom dei spreidde kolonnene hans. I det tilfellet kan dei sterke festningsverka som ein yter reint passiv motstand frå snu seg til like mange feller fienden kan lokkast i og

verta fanga. Samstundes kan forsvararane retta hovudslaget mot dei av fiendekolonnene som driv med innringing. Kvar av desse kan verta omringa og verta sett i den same vanskelege stoda som dei gjorde sitt beste for å få forsvarsstyrkane i. Det seier seg sjølv at ein slik aktiv forsvarsoperasjon krev dugande generalar, godt disiplinerte troppar som kan flytta seg, og framfor alt svært dugande og velrøynde sjefar for brigadane, bataljonane og kompania. For i eit slikt høve står og fell alt med dei småe avdelingane kan gjera kvikt og klokt...»

Friedrich Engels gjorde denne analysen for 90 år sidan. Det han kjem fram til her er verkeleg nok og har stått sin prøve heilt fram til vår tid. Frå den tida har militærhandverket og militærteknikken utvikla seg i takt med den økonomiske utviklinga i samfunnet. Men militærteknikken har utvikla seg både i forsvars- og åtakskrig. Me har prova sanninga i det Engels seier i partisankrigen, røynslene i sovjethæren stør òg oppunder. Sovjetisk militærlitteratur som tek for seg røynslene sovjethæren gjorde sumaren og hausten 1942 i fjella i Kaukasus, seier om fjellforsvar:

«Fjellforsvar må for all del vera aktivt. Endå til dei sterkaste festningsstillingane kan verta omringa. Dei som omlægrar (går til åtak på flankar og i ryggen) må sjølve verta omringa og gjort ende på. Difor må forsvaret yta motstand slik: Det må halda hardt på stillingane som alt er tekne. Reservane må gå til motåtak på flankane og baktroppen åt fienden når han gjer frontåtak eller går til åtak på flankane, og dei småe infanteriavdelingane i forsvaret må gjera småe motåtak om att og om att.»

Føresegner for stridsinfanteriet i sovjethæren har dessutan dette å seia om denne saka: «Det er berre ved å gå heilt over frå forsvarsverksemd til åtak at ein kan få tynt fienden heilt.»

Difor må hæren vår òg verta opplærd og gjennom-syra av pågangsmot. Difor høver det at leiarane og stabane i hæren lærer opp soldatane våre slik.

4) – *Både i åtak og forsvar i fjellkrigen må sjefane alltid ha ein sterk reservestyrke, etter måten sterkare enn på slettene.* Uventa fiendeåtak kan ein bægja av berre om ein nyttar reservestyrkane klokt. I partisan-krigen har me ikkje lagt så mykje vekt på reservefak-toren. Men hadde ikkje kommandoen hatt to femte-partar av alle styrkane i reserve i slaget om Tirana, kunne dette slaget ha mislukkast og fienden ha vun-ne. I den taktiske hærøvinga må me alltid ta omsyn til reserve-prinsippet. *Fjellkrig utan reservar er dømd til å mislukkast.*

5) – Hæren må øvast til å flytta seg snøgt, å *man-øvrera med fullkomen dugleik.* Det hender ofte at far-ten er avgjerande for slaget. *I slag vinn den som skun-dar seg.* På grunn av omgjevnadene i fjellet og det særskilte ved operasjonane der, vert fart og manøvre-ring endå viktigare enn på slettene. I militærøvingane våre må me øva opp stabar og soldatar til å flytta seg snøgt og vite kva dei vil. *Tiltaksløyse må me slåst nå-delaust imot.* Det finst enno tiltaksløyse i hæren og i staben (april 1947). Me står mykje til attars når det gjeld å arbeida lett og ledig. Det me gjer må gjerast kvikt, dugande og ledig, både i den daglege gjerninga og i militær øving og strid. Det er nok å glytta på ei eller anna hæravdeling som øver for å sjå kor lite livleg og drivande det går føre seg. Det strekk ikkje

til å gjennomføra det militære øvingsprogrammet som ei viss mengd (kvantitet) ein skal gjennom. *Innhaldet (kvaliteten) må me sjå som det viktigaste i hæren.* Når me skal bruka det militære øvingsprogrammet må me setja fingeren på dei lyta som finst og kjempa mot dei utan å gje etter.

Slik me har peika på ovanfor er manøvrar med åtak på *flankane* og på *baktroppen* det som løner seg best. Under åtaksoperasjonar i fjellkrig er *frontåtak mindre viktige*. Dette har me sett i den nasjonale frigjeringskrigen og røynslene frå sovjethæren i fjellkrig har òg synt oss det. Endå har frontåtak synt seg vera den viktigaste manøveren for sovjethæren på slettene i den andre verdskrigen. Til taktiske øvingar må me velja høvelege område, i hovudsak åsar og *skogkledd fjell*, og soldatane må gjera øvingane sine i slike område. Taktiske mål må òg leggjast i fjellende. Dette vil ikkje seia at militærøvingane helst ikkje skal leggjast på slettene, for det ville vera eit alvorleg mistak. Både åtak og forsvar langs dalføre og smådalar og på anna flatland må gjennomførast på grunnlag av prinsippa i moderne militærkunst. Det må ikkje henda at militæravdelingar som har ansvaret for å verja eit dalføre forlet stillingane når fienden går til åtak med tanks, for å søkja opp i fjella og visa til at det er for å stri i samsvar med «*fjelltaktikken*».

Ein av dei mest dugande generalane i sovjethæren har analysert prinsippa i åtaksoperasjonar i skogskledd fjell, og seier:

«Når den moderne krigføringa går føre seg på ein krigsskodeplass i fjellet kan ein nå fram til ein lukkeleg utgang ved å kombinera og samordna samtidige operasjonar med store styrkar. Det må

gå føre seg på høgdene og i dalane, ved å setja i gang kraftige manøvrar på flankane og i ryggen på fienden, på brei front. Ein må gjera klok bruk av forsterkingar og dei militærtekniske hjelperådene (særleg flyvåpen, artilleri og ingeniørvåpen), og operera bak forsvarslinene hjå fienden... Manøvrar mot flankane og bakpå fienden kan gje framgang berre når det skjer med eit fastsett taktisk mål, klårt verdsett etter tid og stad. Dei andre vilkåra er at det må fylgjast av frontåtak frå stridsavdelingane, og gjennomførast på ein uventa og snøgg måte.»

6) – Som peika på ovanfor er det alltid råd for begge partar å omringa den andre i fjellkrig. Det hender ofte at når du må verja deg kan du verta omringa av fienden, eller han omringar deg medan du freistar omringa *han* gjennom eit åtak. I den nasjonale frigjeringskrigen vart me ofte omringa av fienden. I militær øving må avdelingane læra å slåst *endå til når dei er omringa*, og når dei er omlægra skal dei *ikkje lata seg skræma* men stri heltemotig for å få gjort det dei høgare styremaktene ynskjer. Føresegnene for sovjethæren har dette å seia om saka:

«I moderne krig kan det henda at infanteriet kan verta tvinga til å stri under omlægring. *Infanteriet må ikkje lata seg skræma av dette*: Det må stri vidare endå om det er omringa og koma frå det i full orden. Infanteri som er omlægra må få klåre og detaljerte ordrar frå sjefane sine. Det må straks opprettast eit allment forsvar, og ein må ta tiltak for å meinka fienden når han freistar å dela dei omlægra styrkane opp i småe grupper. Når dei skal bryta ut frå omlægringa skal det skje etter ordre

frå den øvste kommandoen, på ein organisert (velskipa) måte og ikkje i isolerte smågrupper. Det personlege føredømet, motet hjå dei som slæst og dei som står over dei og kameratsleg hjelp mellom alle må koma fremst i denne harde stridsmåten.»

Difor må me lata oss føra av dei heltemotige tradisjonane frå den nasjonale frigjeringskrigen når me gjer militære øvingar. Me må læra avdelingane våre å vera disiplinerte og motige slik at dei kan gjera plikta si under tilhøve med mykje motburd, og endå til når dei er omringa. Me må gjennomsyra soldatane med den ånd som nasjonalheltane våre hadde når dei streid djervt til siste mann medan dei var omlægra av fienden, og gav livet heller enn overgav seg.

7) – På krigsskodeplassar i fjellet er det mykje mindre artilleriold til å opna vegen for infanteriet. Difor lyt hæren læra å stri under vanskelegare taktiske tilhøve, det vil seia med meir måteleg hjelp frå artilleriet og ikkje alltid slik føresegnene seier. Sidan artillerielden må vera måteleg slik tilhøva er, må infanteriet lata vera å marsjera «som om dei skulle i bryllaup», som folk seier. Infanteriet må utnytta marka slik partisanane gjer, det må flytta seg i snøgge, stutte sprang, lagsvis eller ein og ein i rad. Det må løyna rørslene sine og bruka våpna sine på tenleg vis, og så bortetter. På den andre sida må artilleriet vega opp skorten på hard eldgjeving med gode salvar, med å skyta presist og snøgt, og manøvrera med skotmålet.

8) – Hærførarar og kommissærar må ikkje oversjå røynslene frå partisankrigen, men dessutan må dei gjera dei fullkomne. I dag kan ein ikkje slåst mot fienden berre på eitt vis. *Å samarbeida det regulære front-*

åttaket med partisangrupper som slåst bak fiendelinene er den beste måten å stri mot fienden. Då kamerat Stalin tala til det sovjetiske folket 3. juli 1941 sa han:

«I område fienden har hærsett må me skipa partisanavdelingar, infanteri og kavalleri. Me må skipa grupper som skal gjera liksom-åtak på fienden og spreia partisankrigen over heile landet. Me må sprengja bruer og vegar for å skada samferdsla for fienden, kapp av telegraf- og telefonledningar, brenna ned skog, lager og samferdslemidlar. Der fienden har hærsett området må me gjera det uutthaldeleg for han og hjelparane hans. Me må forfylgja og tyna han alle stader og me må bægja av alle planane hans og gjera operasjonane hans opp i inkje.»²⁹⁾

9) – Det er svært vanskeleg å *forsyna* krigsskodesplassar i fjellet. *Kvar kule og granat i fjellkrigen er dyrverdig.* Forsyningane må brukast sparsamt. Dette krev at me har ein streng eldgjevingsdisiplin. Difor må stridsavdelingane våre læra i militærøvingane å halde seg ifrå å bruka flust med ammunisjon. I den nasjonale frigjeringskrigen har me kjent og lært korleis det er å stå utan ammunisjon i fjellet. Me har vore leidde av slagordet «kvar kule i fiendekroppen». Me skal læra opp soldatane våre i denne ånda no òg. *I fjellkrig har det meir å seia korleis ein skyt enn kor mykje ein skyt.* Og for å vera betre må eldgjevinga vera effektiv. Det vil seia at ho skal vera *presis, samla og uventa.* Dette krev at skytetreninga er fullkomen både i infanteriet og i alle andre våpen. Difor må militær-

²⁹⁾ — Stalin, Om den store sovjetiske fedrelandskrigen, Moskva 1946, russisk utg. s. 15.

øvingane våre leggja stor vekt på å lære avdelingane til å verta godt kjende med våpna sine, å meistra dei teknisk og verta gode blinkskyttarar. Til dessar har me ikkje lært opp noko skarpskyttarar (1. april 1947, red.) Dei einskilde avdelingane må ta opp dette problemet. Skarpskyttarane vel ein ut mellom dei beste skyttarane i skytetevlingar. Kapphugen må utnyttast i skytetevlingar mellom soldatar og mellom ulike avdelingar. Soldaten vår må meistra våpenet sitt. Underoffiserane og offiserane våre må meistra kommandokunsten, dei må vita korleis dei skal bruka våpna sine med fullkomen dugleik i tilhøva i fjellendet vårt. Eldgjevingsøvinga må òg styrast av prinsippa for fjellkrig.

10) – Hæren må gjennomsyra med *hug til å halda oppe stridsaktiviteten*, med hug til å vera i livleg verksemd. Dette er eit kjernepunkt når ein skal gjera framgang og halda moralen høg. Sovjethæren har alltid vore gjennomsyra av prinsippet med å halda oppe aktiviteten, av prinsippet med uavbroten verksemd. Til dømes sa kamerat Stalin dette i ordre nr. 95 den 23. februar 1943:

«Lat oss gje fiendetroppane fleire og fleire slag, og forfylgja dei utan stogg, ikkje gje dei kvild eller tid til å gjera stillingane sine sterke, lat oss øydeleggja fiendesamferdsle og tyna han om han ikkje overgjev seg. Lat logane av partisankrigen spreia seg djupare og djupare bak fiendelinene. Lat oss sprengja bruer og jernbaner og seinka marsjen for fiendetroppane. Lat oss setja eld på militærlagera og gå til åtak på fiendegarnisonar, lat oss nekta fienden å dra seg attende og setja eld på landsbyane og byane våre, og lat oss gje alle former for hjelp

så Den raude hæren kan rykkja fram . . . I dette ligg trygda for framgang.»³⁰⁾)

Desse orda gjev uttrykk for prinsippet med samanhangande operasjonar, både for sovjethæren og for dei sovjetiske partisanane.

11) – Røynslene frå den nasjonale frigjeringskrigen og røynslene frå sovjethæren kan syna at *det ofte er lettare å ta eit fjell eller ein haug enn det er å halda han*. Difor, lat det verta ein regel at så snart ein haug eller noko anna mål er teke, skal det lagast festningsverk utan å venta til det kjem ordrar ovanfrå. Dette gjeld særskilt under våre tilhøve med fjelland. I partisankrigen har me partisanar mislika kunsten å laga festningsverk. Denne motviljen har sett far etter seg mellom oss like til i dag. Stabane våre legg inga vekt på å gjera festningsverk ved ein stad som er teken, eller som skal forsvarast. Endå til i militærøvingane våre vert det gjort åtak på ein haug og han vert teken, og når han er teken vert så godt som ingen ting gjort for å gjera festningsverk. Det meste kommandostaben som leier øvinga kan gjera er å rekna med at festningsverka er bygde som noko sjølvstekt. *Men krigen kan ikkje vinnast med å tru dette og hint*. Til liks med verkeleg strid må øvingar gjennomførast med konkrete føredøme. Difor må dette problemet takast opp og løysast på rette måten i militærøvingane våre.

12) – Hæren vår må læra å handla etter eige tiltak. Til meir fjellendt eit område er, til meir vert stridsavdelingane spreidde, og det fell meir ansvar på dei underlagde til å gjera vågelege men vituge tiltak, på

³⁰⁾ – Stalin, Om den store sovjetiske fedrelandskrigen, s. 95, Moskva 1946, russisk utg.

det vilkåret at dei ikkje taper hovudmålet or syne.

Røynslene frå sovjethæren lærer. «*Evna til å organisera flyttingar i løynd, vituge tiltak, uventa åtak, bønlaus tyning av fienden og styrking av den framgangen ein har nådd*» er faktorane som avgjer kva framgang sin skal ha i fjellkrigen.

13) – *Speiding og rekognosering* er særskilt viktig i fjellkrig. Eit topografisk kart over eit fjellområde kan aldri gje eit noggrant bilete av alt som finst i marka. I moderne krigføring kan ein ikkje greia seg utan speiding når ein skal utvikla militære operasjonar. Kamerat Stalin seier i ordre nr. 195 den 1. mai 1943:

«Me lyt gjera oss kjende med fienden, gjera rekognoseringa vår betre. Det er auga og øyra for hæren. Me må ikkje missa or syne at utan dette kan me ikkje slå fienden for visst.»

Dette lærer kamerat Stalin oss, fylgjeleg må me alltid gjera oss kjende med fienden, kjenna skipnaden hans, væpninga, situasjonen han er i og taktikken han nyttar og så bortetter.

14) – I taktiske og operative øvingar må stabane våre læra seg å analysa situasjonen dei er i sjølv, og ta *konkrete avgjerder* som er tufta på den stoda som verkeleg er. For å ta ei avgjerd lyt ein analysa grundig alle faktorane som har ført fram til stoda. Når avgjerda er teken må ein ordna til så ho kan brukast, og mobilisera alt og alle for å gjennomføra ho. Sjefen og kommisæren må gje føredøme med det dei sjølv gjer. Dei må ha tiltru og vyrdnad hjå *undergevnne avdelingar*. Denne tiltrua kan dei vinna gjennom sine eigne konkret gjerningar. I striden må dei halda seg på postane sine og styra operasjonane for stridsavdelingane. I den nasjonale frigjeringskrigen

styrte sjefane og kommisærane avdelingane sine med personleg føredøme, særleg i byrjinga. I røynda var det slik at dei ikkje styrte troppane men leidde marsjen og mana partisanane til å fylgja deira personlege føredøme. Dette kosta oss store kadertap, men på hi sida var noko slikt turvande og ikkje til å koma utanom i byrjinga. Moderne krig krev militær styring bygd på militærvitskap meir enn på kjensler. Føresegnene for sovjethæren krev:

«At lagføraren er på slagmarka saman med laget sitt; at troppsførarar, kompani- og bataljonsjefar (kommissærar) står attom stridsformasjonen åt deira eigne einingar og avdelingar og plent på ein stad der dei kan sjå korleis striden utviklar seg både for dei eigne einingane og dei som er attved, og der dei kan sjå både dei eigne einingane i strid og korleis fienden flyttar seg. Berre i omframstilfelle i striden gjev føresegnene troppsførarar, kompani- og bataljonsjefar (kommissærar) lov til å koma framfor einingane sine og leia dei personleg i striden. Regimentsjefen (kommissæren) må stå på observasjonsposten eller på sin eigen post der han kan styra operasjonen lettare. Derifrå kan han sjå slagmarka og det hans eige regiment gjer, endå det berre er for å styra hovudåtalet.»

I fjellkrig må ein lagførar, ein troppsførar eller ein kompanisjef ofte gå føre i striden. I fjellkrig er prinsippet «gjer som eg gjer» viktigare enn på slettene.

Difor må me halda hardt på at hærførarane skal styra når me lærer opp stabsoffiserar og sjefar. Staben og sjefane må studera moderne militærhandverk grundig. Dei må overtydast om at kadrane er det avgjerande på alle felt, og særleg i krig.

AVSLUTNING

Militærøvingane i hæren vår må leiast av prinsippa for fjellkrig, i samsvar med røynslene frå fjellkrig i sovjet hæren og frå vår eigen nasjonale frigjeringskrig. Dei grunnleggjande prinsippa i partisankrigen misser ikkje verdet sitt i fjellområde og under tilhøve med regulær krig. Dei må utviklast for å høva med tilhøva i vanleg krig. *Røynslene sovjet hæren har og arven og utviklinga av positive røynsler frå den nasjonale frigjeringskrigen, det er vegen hæren vår skal fylgja både når det gjeld skipnad og militær øving.*

Men korkje god skipnad eller god militærøving kan gjera hæren til ein god vaktar for det demokratiske styret vårt, om han ikke har fått *politisk og ideologisk opplæring.*

Hæren vår er ein revolusjonær folkehær. Sidan han dét er må han lærast opp politisk slik at han kan vera medviten om oppgåva si. *Fylgjeleg får partiet ei oppgåve i hæren, til like med dei politiske organa i hæren.* Lenin har sagt: *«Utan politiske kommissærar ville me ikkje ein gong ha hatt ein Raud hær.»* Me kan godt seia at utan kommissærar og politiske organ i hæren ville me ikkje ha vore i stand til å skipa hæren og føra den nasjonale frigjeringskrigen. I dag òg er dei politiske organa i hæren trygda for den faste viljen, for medvitet og den politiske, moralske og

kulturelle lyftinga i hæren. Kommisærane og dei politiske organa har hatt avgjerande verknad for å få i stand og utvikla hæren, og slik er det framleis. Røynslene i sovjethæren lærer oss:

«Sjefen og den politiske kommissæren formar ei eining som styrer dei militære øvingane og den politiske opplæringa i avdelingane. Dei er begge ansvarlege for avdelinga si mellom anna når det gjeld militær, politisk, moralsk og økonomisk tilstand. Begge to styrer einingane sine i krig.»

Hovudoppgåva med å modernisera hæren, gjera han sterk og dugande nok til å verja sjølvstendet, freden og demokratiet vårt kviler på oss, dei leiande offiserane i Nasjonalhæren.

FOLKEHÆR MOT FASCISME

Under den andre verdskrigen gjekk Mussolinis italienske fascisthær til åtak på Albania. Kong Zog rømde frå landet, og den albanske hæren braut saman utan å gjera motstand. På få dagar var italienarane over heile Albania. Seinare gjekk og den tyske fascisthæren inn i det vesle landet.

Den grunnleggjande oppgåva var no å reisa heile folket til væpna strid for å frigjera Albania. Til dette trongst ei fast revolusjonær leiing. Den 8. november 1941 sameinte kommunistgruppene seg i Albanias Kommunistparti. Skipingsmøtet vedtok: »... å førebu folket politisk og militært til å setja i gang ein altomfemnande væpna oppreist, der alle dei patriotiske og anti-fascistiske styrkane tar del.»

Denne lina vann fram, den 29. november 1944 var Albania heilt fritt — fascistane var kasta ut, banda til imperialismaktene var brotne, herredømet til godseigarane og borgarskapet var knust.

Den andre verdskrigen enda med verdsomfemnande siger over fascismen. I dag, tretti år etter, er alle land merkte av striden mellom dei to imperialistiske supermaktene USA og Sovjet om verdsherredøme. Rivaliseringa mellom dei må føra til ein ny verdskrig. Når krigen bryt laus, vil Noreg vera mellom dei første landa som vert overfalle. Vi må førebu oss på dette alt i dag. Det er viktig å gjera seg kjend med røynslene frå folkekrigen i eit land som Albania, der striden vart førd til full siger for folket.



M e h m e t S h e h u, frilviljug i den spanske borgarkrigen 1936–39, leia Fyrste Stormdivisjon som frigjorde Tirana. Etter frigjeringa var han ei tid sjef for Generalstaben.

Han vart vald inn i sentralkomiteen i Albanias Kommunistparti på den fyrste landskonferansen i 1943 og inn i politbyrået i Arbeidspartiet i Albania på den fyrste kongressen i 1946. Han er i dag statsminister i Albania.